

Årsrapport 2016



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Alle naturbilete i årsrapporten har motiv frå Vestlandet, i hovudsak frå Sogn og Fjordane.

Alle portrettfoto og nokre naturbilete (side 24, 26, 28, 29, 37 og 43) er tatt av fotograf Arve Ullebø, Høyanger.

Omslagsbilete og resten av naturbileta er tatt av fotograf Jostein Vedvik, Førde.

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår.

Innhold

■ Del I - Introduksjon

Introduksjon til verksemda	4
Organisasjonskart.....	6
Leiargruppa.....	7

■ Del II - Oppsummering

Direktøren om 2016	8
--------------------------	---

■ Del III - Aktivitetar og resultat

Lotteritilsynet pengespel	10
Lotteritilsynet frivilligheit	18
Stiftelsestilsynet	24
Kommunikasjonstiltak	30
Digitaliseringstiltak.....	33

■ Del IV - Styring og kontroll


Styring og kontroll i verksemda	36
Særskild rapport til departementet	38

■ Del V - Framtidsutsikter

Vurdering av framtida	40
-----------------------------	----

■ Del VI - Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar.....	42
Prinsippnote til årsrekneskapen.....	43
Bevilgningsrapport for 2016	44
Artskontorapport for 2016.....	46
Notar.....	47



Introduksjon til verksemda

Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS) er staten sitt forvaltningsorgan på lotteri- og stiftelsesområdet, og er underlagt Kulturdepartementet. LS består av to fagtilsyn med felles administrasjon og direktør. Tilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. Lotteri- og stiftelsestilsynet ligg i Førde i Sogn og Fjordane.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela og den private lotterimarknaden. Lotteritilsynet er også tilsynsorgan for Grasrotandelen. Vi forvaltar dessutan ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige lag og organisasjonar, og bygging av idrettsanlegg. Tilsynet har også ansvar for å drifte den nye nasjonale eininga for arbeid mot manipulering av idrettskonkurransar.

Stiftelsestilsynet fører tilsyn med norske stiftelsar. I tillegg gjer Stiftelsestilsynet vedtak etter dekningslova og samvirkelova. Stiftelsestilsynet skal jobbe for å skape tillit til stiftelsar som organisasjonsform og dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet.

To nasjonale register blir drifta av Lotteri- og stiftelsestilsynet. I Lotteriregisteret kan publikum hente informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. I Stiftelsesregisteret ligg det informasjon om landets stiftelsar.

Lotteritilsynet sine oppgåver

I tildelingsbrevet for 2016 var Lotteritilsynets mål definerte slik.

Førebygge negative sosiale konsekvensar av lotteri- og pengespeltilbodet, og ta vare på omsynet til speleavhengige ved å

- prioritere og gjennomføre tilsyn på den lovlege og ulovlege pengespelmarknaden der risikoen for, og konsekvensane av, brot på regelverk er store
- førebygge speleproblem og bidra til å redusere negative sosiale konsekvensar av uheldig speleåttferd
- utvikle fagområdet og formidle oppdatert kunnskap om den lovlege og ulovlege pengespel- og lotterimarknaden

Lotteritilsynet skal også sikre at inntekter frå pengespel går til samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur ved å

- prioritere og gjennomføre effektive tilsyns- og kontrolltiltak for lotteriområdet og grasrotordninga der risikoen for, og konsekvensane av, brot på regelverk er store
- sikre effektiv sakshandsaming med god kvalitet og i tråd med gjeldande regelverk
- sikre god informasjon og rettleiing til aktuelle søkarar og mottakarar
- utvikle gode kommunikasjons- og samhandlingsrutinar mellom Norsk Tipping, Frivilligregisteret, Kulturdepartementet og Lotteritilsynet

Lotteritilsynet skal også sikre ei forsvarleg forvaltning av ordningane for momskompensasjon som gjeld for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg.

I tillegg skal vi bidra til effektiv kamp mot manipulering av idrettskonkurransar i Noreg.

Dette er konkretisert slik:


- sikre effektiv sakshandsaming i samsvar med gjeldande regelverk.
- sikre god informasjon og rettleiing til aktuelle søkjarar og mottakarar
- drifte ei nasjonal eining mot manipulering av idrettskonkurransar
- utvikle samarbeidet med alle partar i dette arbeidet, og gjere strategiske trusselvurderingar basert på innsamla informasjon

Stiftelsestilsynet sine oppgåver

Ifølgje tildelingsbrevet skal Stiftelsestilsynet sikre lovleg forvaltning av stiftelsar.


Det skal skje ved å

- gjennomføre effektive tilsyns- og kontrolltiltak på område der det er stor risiko og store konsekvensar ved misleghald
- sikre effektiv sakshandsaming i tråd med gjeldande regelverk
- vidareutvikle og drive eit brukarvenleg stiftelsesregister med høg registerkvalitet
- gjennomføre informasjonsarbeid og tiltak for å auke kunnskapen om stiftelsar som organisasjonsform og om regelverket



Samarbeidsorgan og forum Lotteri- og stiftelsestilsynet deltar i:

- lokalt: IT-Forum Sogn og Fjordane, Framtidsfylket
- nasjonalt: Brønnøysundregistra, politiet, Medietilsynet, Forbrukarombodet, Finanstilsynet, ulike bransjeforeiningar m.m.
- internasjonalt: nordiske styresmakter på pengespel- og stiftelsesfeltet, GREF, IAGR, EFC



Tabell 1: Utvalde volumtal

Tabellen syner volumtal for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine kjerneområde. Tala er nærare kommenterte i del III.

	2013	2014	2015	2016
Tal godkjende lotteriverdige organisasjonar	5 256	5 285	5 412	5 350
Tal organisasjonar med inntekter frå bingo	3 604	3 657	3 683	3 530
Tal registrerte stiftelsar	7 438	7 311	7 139	6 968
Tal næringsdrivande stiftelsar	873	843	863	844
Tal søknader om momskompensasjon frå frivillige organisasjonar	1 079	1 189	1 351	1 448
Tal søknader om momskompensasjon for idrettsanlegg	246	324	461	419
Tal journalførte saker i tilsynet samla	29 783	30 198	30 803	30 322
Tal unike besøkande tilsynets nettsider	71 856	92 110	90 186	98 746
Tal oppringingar til Hjelpelinja for speleavhengige	1 088	933	847	840

Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapan

Tabellen syner nøkkeltal basert på informasjon frå del VI, årsrekneskapan.

	2013	2014	2015	2016
Tal årsverk	64	62	61	68
Samla utgiftsløyving inkl. tilskotsordningar	1 080 044 000	1 383 539 000	1 482 230 675	1 570 844 000
Rekneskapsførte driftsutgifter	74 409 945	74 371 327	74 536 262	77 560 000
Lønsdel av driftsutgifter (pst.)	59,2	57,7	57,8	61,1
Løn og sosiale utgifter per årsverk	688 264	692 285	705 928	775 123
Rekneskapsført samla inntekt	81 877 053	91 264 377	87 916 350	88 057 000

Leiargruppa



Atle Hamar

er direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Han blei direktør i Lotteritilsynet ved etableringa i 2001, og i begge fagtilsyna då Stiftelsestilsynet blei samlokalisert med Lotteritilsynet i 2005.

Atle var tidlegare distriktsarbeidssjef i Indre Sunnfjord og hadde også ei politisk karriere bak seg, mellom anna som statssekretær i Justisdepartementet og politisk rådgivar i Samferdsledepartementet under regjeringa Bondevik I. Atle er utdanna adjunkt ved Lærarhøgskulen i Sogndal i 1986, og har også mellomfag i samfunnsvitskap frå Distriktshøgskulen i Sogn og Fjordane. Han er fødd i 1963 og kjem frå Jølster.



Bjørn Morten Øen

blei tilsett som avdelingsdirektør for administrasjon i mai 2013, og er NK i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Bjørn Morten er utdanna spesialsjukepleiar og har 20 års leiarerfaring frå spesialisthelsetenesta. I tillegg har han organisasjon og leiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Han har gjennomført nasjonalt topp-

leiarprogram via spesialisthelsetenesta. Bjørn Morten er fødd i 1963 og kjem frå Sandane.



Linda Vøllestad Westbye

har vore tilsett i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan juni 2009. Ho blei avdelingsdirektør i Lotteritilsynet pengespel i juni 2014, då Lotteritilsynet blei delt i to avdelingar. Linda har master i sosialantropologi. Før ho kom til tilsynet, jobba ho i Landsforeningen for Trafikkskadde

og ved Universitetet i Bergen. Linda er fødd i 1979 og kjem frå Drangedal.



Siw Heggedal Longvastøl

blei tilsett som avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet i oktober 2015.

Før ho kom til tilsynet, jobba ho siste åra som diplomat og leiar for Innovasjon Norge sitt kontor i Sør-Afrika. Siw har mange års erfaring frå næringsutvikling, entreprenør-

skap og offentleg forvaltning. Siw har ein cand.mag.-grad frå Høgskulane i Møre og Romsdal innan planlegging og økonomi. Ho er fødd i 1962 og kjem frå Volda.



Elna Berge

blei avdelingsdirektør i Lotteritilsynet frivilligheit etter at Lotteritilsynet blei delt i 2014. Ho har vore tilsett sidan mai 2001, først som leiar for juridisk avdeling i Lotteritilsynet. Elna er cand.jur. frå UiO og har grunnfag i coaching og relasjonsleiing frå HiOA. Ho har erfaring som underdirektør i Oslo kretsfengsel.

Til tilsynet kom Elna frå stillinga som politiinspektør i Fjordane politidistrikt. Elna er fødd i 1956 og kjem frå Selje.



Kåre Eide

har vore tilsett i Lotteritilsynet sidan 2001. Han er utdanna sivilingeniør ved NTNU innan maskinteknikk, og har tidlegare jobba med engineering innan offshore olje og gass.

I 2010 blei han leiar for IT-utvikling. IT-utvikling jobbar med gjennomføring og leiing av ulike IT-prosjekt for organisasjonen og departementet.

Avdelinga har òg sentrale roller innan strategiarbeid og digitalisering. Kåre er fødd i 1973 og kjem frå Førde.



Anne-Mette Hjelle

har vore kommunikasjonsdirektør i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan januar 2011.

Anne-Mette har 20 års erfaring som journalist i ulike aviser og NRK, og har vore kommunikasjonsrådgivar med eige selskap. Ho har studert ved Universitetet i Oslo, American University i Paris og Handelshøgskolen

BI, m.a. masterprogram i digital kommunikasjonsleiing. Anne-Mette er fødd i 1963 og kjem frå Breim.

Vi er blitt eit meir moderne og effektivt tilsyn

Lotteri- og stiftelsestilsynet har følgd opp regjeringa sine signal om å modernisere og effektivisere staten. Vi har prioritert arbeidet med å gjere tenestene våre brukarvenlege, og vi moderniserer rutinar og interne system.

Denne satsinga er m.a. lønna med Statens klarspråkspris og gode resultat på brukarundersøkingar. Eit klart språk i dei digitale tenestene gjer at tenestene lettare blir tatt i bruk. Ein annan milestolpe i året som gjekk, var overgangen til elektronisk post. Vi tok i bruk SvarUt, og derfor får no brukarane i frivillige organisasjonar og stiftelsar dokument tilsendt elektronisk.

Leiinga i Lotteri- og stiftelsestilsynet har lagt vekt på å sette inn ressursar på systemutvikling. Vi har Lotteriregisteret, Stiftelsesregisteret samt fleire relativt omfattande systemløyisingar. På oppdrag for Kulturdepartementet starta vi i 2016 jobben med å utvikle ei ny digital løysing for handtering av departementets tilskotsordningar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og kulturbygg. Vi er også i gang med å effektivisere delar av sakshandsaminga. Dette er eit område vi vil gi stor merksemd i tida framover.

Teknologisk utvikling innan pengespel

Den teknologiske utviklinga pregar også våre fagområde direkte. Skilnaden mellom pengespel og andre spel (til dømes sosiale nettverksspel, dataspel og liknande) blir mindre tydeleg. Utviklinga innan teknologi medverkar til å endre spelevanane knytt til både pengespel og nye former for spel. Vi ser ei stadig utvikling i retning av digitale løysingar, mobile einingar og nye former for marknadsføring. Dette påverkar samfunnsoppdraga våre. Eit av dei viktigaste er å ha streng kontroll med dei selskapa som har enerett til å tilby spel i Norge. Framtida er digitale plattformer. Det gir oss som tilsynsmyndigheit også den utfordringa at vi heile tida må fornye oss på både marknadskunnskap og tilsynsmetodar.

Eitt av tiltaka no framover er å etablere ei tverrfagleg gruppe som skal følge utviklinga og dele kunnskap om sosiale nettverksspel og digital/virtuell valuta. Med i gruppa er representantar frå andre relevante myndigheiter, teknologimiljø, hjelpeapparat og forskning.



Statsråd Jan Tore Sanner og direktør Atle Hamar med Klarspråksprisen for 2015 (foto KMD).

Innsats mot den ulovlege pengespelmarknaden

Lotteritilsynet har i 2016 auka tilsynsverksemda retta mot den ulovlege marknaden. Det blei gjennomført fleire tilsyn mot aktørar som driv ulovleg marknadsføring og formidling av utanlandske pengespelselskap i Norge. Eit viktig siktemål med tiltaka våre er å beskytte lovlege aktørar og lotteriverdige formål mot den konkurransen som ulovlege aktørar utgjer.

Bidrag til arbeidet med stortingsmeldinga

Arbeidet med stortingsmeldinga «Alt å vinne» har prega arbeidskvardagen vår i 2016. Her har Lotteritilsynet gjort ein god del utgreiing og analyse for Kulturdepartementet. Dette har vore ei prioritert og samtidig ressurskrevjande oppgåve i 2016.

Meldinga er den første prinsipielle og heilskaplege gjennomgangen av lotteri- og pengespelfeltet sidan 2003. Ho legg opp til ein heilskapleg modell for regulering av pengespel som vil stå seg i møte med den teknologiske utviklinga. Hovudmålet er å sikre at lotteri og pengespel blir tilbydde i trygge og ansvarlege former for å avgrense uheldig speleåtferd.

Ny eining mot manipulering av idrettskonkurransar

2016 var året vi starta den nasjonale eininga mot manipulering av idrettskonkurransar. Vi har brukt mykje ressursar på å finne ein arbeidsmetodikk som vil fungere over tid, men også på å bli kjent med nasjonale og internasjonale samarbeidspartar. utfordringa med manipulering av idrettskonkurransar er ikkje isolert til Norge, så det er avgjerande å kunne bygge alliansar til relevante personar, myndigheiter og land. Her har vi erfart nytten av at den nasjonale eininga er ein del av Lotteritilsynet, som har gode nettverk og tillit blant brukarane som skal dele informasjon med oss.

Lotteriområdet og nye lotterikonsept

Vi har ein stor privat lotterimarknad i Norge og denne marknaden krev mykje ressursar frå Lotteritilsynets side, særleg fordi det er mange aktørar. Det er ikkje store svingingar, men vi registrerer framleis ein nedgang i omsetninga på tradisjonelle bingospel. Likevel har ikkje formåla sine inntekter frå bingo minka like mykje. Årsaka er utplassering av Belago-terminalar frå Norsk Tipping i dei fleste bingohallane.

Eit av våre ansvarsområde som fekk mykje merksemd i 2016, var godkjenning av nye lotterikonsept. Ei forskriftsendring i 2015 opna opp for at Lotteritilsynet kan gi inn til fem løyve til store lotteri. Vi fekk inn åtte søknader hausten 2015. Etter at saks- og klagehansaminga er ferdig, er det to søknader som er klare til å få løyve for ni år, og fem søknader som kan vere med i loddrekning om dei tre resterande løyva.

Momskompensasjon og tilskot

Lotteritilsynet har fått ei større og større rolle for frivillig sektor. Vi står i dag for sakshandsaminga knytt til over 2,1 milliardar tilskotskroner når vi reknar med både ordningane for momskompensasjon og tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det har også i år vore ein auke i tal søknader til ordninga for momskompensasjon til frivillige organisasjonar, og det gler oss at fleire og fleire organisasjonar tar del i ordninga.

Utvikling av stiftelsessektoren

Trenden med noko færre stiftelsar, men til gjengjeld fleire større stiftelsar held fram i Norge. Vi ser også det same som i resten av Europa: at det blir etablert fleire store pengeutdelande stiftelsar. Totalt sett var det ved utgangen av året registrert i underkant av 7000 stiftelsar i Stiftelsesregisteret. Eigenkapitalen er på 154 milliardar kroner (2015-tal), ein auke på vel 11 milliardar kroner frå førre rekneskapsår.

Det har skjedd ei betydeleg utvikling av stiftelsessektoren sidan dagens stiftelseslov tok til å gjelde 1. januar 2005. Vi har også gjennom vårt tilsynsarbeid fått stadig meir kunnskap om ein sektor som lenge har vore ukjent for mange. Vi applauderte derfor då det i 2016 blei sett ned eit lovutval for å vurdere stiftelseslova. Stiftelsestilsynet har deltatt i sekretariatet og har medverka med informasjon til utvalet. Stiftelseslovutvalet gav si utgreiing (NOU 2016:21) med framlegg til ny stiftelseslov i oktober 2016, og fram-



legget har no vore ute på høyring. Det har vore eit omfattande og viktig arbeid for Stiftelsestilsynet å gå nøye gjennom gjeldande lov og framlegget til ny stiftelseslov i samband med den revisjonen som no skjer.

Det interne liv – rekruttering, trivsel og kompetanse

Lotteri- og stiftelsestilsynet har gjennom åra hatt god tilgang på kompetente søkarar til alle ledige stillingar. Slik har det vore også i 2016. Tilbakemeldingar frå søkarar er at fagområda våre er spennande, og at vi blir sett på som ein moderne og attraktiv arbeidsgivar. Dette set vi pris på, også fordi det er noko vi har lagt vekt på i arbeidet vårt. Kompetansebygging har alltid vore viktig for oss for å kunne henge godt med overfor både marknaden og brukarane våre.

Førde, mars 2017

Atle Hamar, direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

Tilsyn med statlege pengespelselskap

Lotteritilsynet gjennomførte fem revisjonsbaserte tilsyn mot speloperatørane Norsk Tipping og Norsk Rikstoto i 2016.

Tilsyn med Norsk Tipping

I 2016 gjennomførte vi tre revisjonar av Norsk Tipping. Revisjon av Norsk Tippings terminalspel viste at selskapet hadde etablert system og rutinar for kontroll med terminalspela sine. Spelterminalane er stabile og gir god tryggleik for spelaren. Kontrollar med kommisjonærleddet stadfesta at kommisjonærane hadde god kjennskap til spelreglement og tryggleiksføringane frå Norsk Tipping. Kontrollar av lokalinnehavarar for Multix avdekket at lokalinnehavarane hadde manglande kjennskap til både spelreglement og føringar for tryggleik frå Norsk Tipping, i tillegg til låg kunnskap om spelansvar. Revisjonen avdekte sju avvik, og identifiserte fire merknader.

Revisjon av Norsk Tippings marknadsføring og distribusjon av spel gjennom elektroniske kanalar, viste at kontrollaktivitetane selskapet har etablert i stor grad oppfyller krava frå myndighetene. Tiltaka som Norsk Tipping sette i verk internt i selskapet og ut i kommisjonærleddet etter revisjonen i fjor ser ut til å ha hatt positiv effekt. Revisjonen avdekte to avvik og identifiserte to merknader.

Revisjon av Norsk Tippings ansvarlegheit på tvers av speltilbodet viste at selskapet har system for å oppdage og reagere på uheldig speleåttferd. Ansvarleg spel er godt forankra hos dei tilsette og i kvalitetssystemet til selskapet. Revisjonen viste likevel at Norsk Tipping har forbettringspunkt når det gjeld korleis dei forstår prinsipp om ansvarleg spel på tvers av organisasjonen og i speltilbodet. Revisjonen avdekte eitt avvik og identifiserte fem merknader.

Tilsyn med Norsk Rikstoto

Vi gjennomførte to revisjonar av Norsk Rikstoto sine spel i 2016. Revisjon av marknadsføring og distribusjon av spel gjennom elektroniske kanalar viste at Norsk Rikstoto gjennom sitt kvalitetssystem har etablert interne og eksterne kontrollaktiviteter for å møte krav frå myndighetene. Vi avdekte at Norsk Rikstoto ikkje har etablert tilstrekkelege kontrollar for å sikre at krava til marknadsføring og distribusjon av spel gjennom elektroniske kanalar vert ivaretekne i eigne distribusjonskanalar. Revisjonen avdekte fire avvik og identifiserte fem merknadar.

Revisjon av internasjonale spel viste at Norsk Rikstoto har etablert interne og eksterne kontrollaktiviteter for gjennomføring av spela. Observasjon viste at ansvar og oppgaver før, under og etter internasjonale løp var tydeleg definerte og forankra hos vaktleiar. Revisjonen viste likevel at Norsk Rikstoto har svakheiter i systema som skal sikre at spelaren får korrekt informasjon om tilbod og deltaking ved internasjonalt spel. Revisjonen avdekte totalt tre avvik og identifiserte tre merknader.

Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har utarbeidd planar for oppfølging av avvik og merknader. Tilsynsrapportane er tilgjengeleg på nettstaden vår.

Innføring av totalgrense i Norsk Tipping

Norsk Tipping innførte 2. oktober 2016 ei tapsgrense på tvers av alle spel. Den nye totalgrensa gjorde det obligatorisk for kundar som spelar Instaspel og Oddspel å sette ei sjølvbestemt grense for kor mykje pengar dei kan tape totalt i månaden. For andre kundar er det frivillig å sette ei slik grense. Kundane vel sjølve kor høgt dei vil sette eiga grense, men ho kan maksimalt vere 20 000 kroner i månaden på tvers av alle spel.

Ny konsesjon til Stiftelsen Norsk Rikstoto

Stiftelsen Norsk Rikstoto fekk 14. oktober 2016 fornya konsesjon til å arrangere totalisatorspel. Konsesjonsperioden er frå 1. januar 2017 og inntil fem år. Konsesjonsvilkåra for den nye perioden blei innskjerpa med sikte på å førebygge negative konsekvensar av spela og styrke den offentlege kontrollen med spelverksemda. Eit av vilkåra er at alt spel skal skje registrert innan 1. januar 2018. Det er gjort unntak for dette kravet for visse spel som blir leverte på totalisatorbana.



Tilsyn med den ulovlege pengespelmarknaden

Lotteritilsynet intensiverte tilsynet med den ulovlege pengespelmarknaden i 2016.

Vi gjennomførte fleire tilsyn mot aktørar som driv ulovleg marknadsføring og formidling av utanlandske pengespelselskap i Norge.

Lotteritilsynet fekk i 2016 over 1 600 tips om ulovlege pengespel. Dei fleste tipsa gjaldt ulovleg marknadsføring av utanlandske pengespelselskap på norske nettsider og på e-post sendt til nordmenn. Lotteritilsynet avdekte også på eige initiativ brot på marknadsføringsforbodet i andre medium.

Tilsyn

Ei særskilt prioritert oppgåve for Lotteritilsynet i 2016 var tilsynet med betalingsformidlingsforbodet (sjå eigen artikkel). Vidare prioriterte vi høgt å få stansa TV-reklamen for utanlandske pengespelselskap som blir send frå utlandet.

Lotteritilsynet oppretta i 2016 mange tilsynssaker mot aktørar som driv ulovleg marknadsføring av utanlandske pengespelselskap på Internett. Tilsyna førte fram, og vi fekk fjerna om lag hundre ulovlege annonsar og lenker til pengespel på norske nettsider. Gjennom god dialog med norske mediehus fekk vi også raskt fjerna ulovlege annonsar for pengespel i norske nettaviser. Vi gjennomførte eit nytt tilsyn med Facebook, og i dialog med dei fekk vi fjerna norske sider for utanlandske pengespelselskap.

Lotteritilsynet fekk også stansa utsendinga av e-post med ulovleg reklame for spilleautomater.com frå det utanlandske pengespelselskapet PlayCherry Ltd. og den norske stiftelsen Folkeandelen til norske lag og foreningar. Nettstaden til spilleautomater.com blei også lagt ned etter dette tilsynet.

Informasjon

I 2016 intensiverte vi informasjonsarbeidet retta mot norske kjendisar, PR- og kommunikasjonsbyrå, mediehus, annonseleverandørar og frivillige organisasjonar. Formålet var å informere dei som har blitt eller kan bli invitert til samarbeid med utanlandske pengespelselskap, om regelverket og om omfanget og konsekvensane av den ulovlege marknadsføringa av slike selskap.

Utfordringar i tilsynet

Sjølv om Lotteritilsynet har intensivert tilsynet med den ulovlege pengespelmarknaden, er omfanget av ulovlege pengespel framleis stort. Det er fleire grunnar til dette:

- Dei utanlandske pengespelselskapa og deira norske samarbeidspartnarar følgjer ikkje det norske regelverket.
- Lotteritilsynet har avgrensa mynde til å stanse tilbodet og marknadsføringa av pengespel som blir retta mot Norge frå utlandet, sjølv om dette er ulovleg etter norske reglar.

- Reklamen blir vist på TV-kanalar som sender frå utlandet, og det er ikkje rettsleg avklara kva land sine reglar som gjeld.
- Dei utanlandske pengespelselskapa og deira samarbeidspartnarar oppgir å drive anna næring enn pengespel. På denne måten omgår selskapa dei tekniske blokkeringane som finansinstitusjonar og mediebransjen har sett opp for å stenge ute desse selskapa.

Tilsyn i 2017

Lotteritilsynet vil intensivere tilsynet med betalingsformidlings- og reklameforbodet for utanlandske pengespel i 2017. I tillegg vil vi reagere mot fleire lovbrøt når dei skjer. Tilsynet vil framleis vere basert på ei risikovurdering der vi vil prioritere å gjennomføre effektive tilsyns- og kontrolltiltak der risikoen for, og konsekvensane av, brot på regelverket er store. Dette er i samsvar med mål fastsett av Kulturdepartementet i tildelingsbrevet til Lotteritilsynet for 2017.



Hindre ulovleg betalingsformidling

Lotteritilsynet har i 2016 jobba med å få eit meir effektivt forbod mot betalingsformidling frå norske bankar til pengespelselskap utan løyve i Norge.

Forbodat går i hovudsak ut på at bankane skal stoppe transaksjonar med betalingskort, til dømes VISA og Mastercard, mellom norske spelarar og utanlandske pengespelselskap. Det skjer ved at betalingar som har brukarstadkode for pengespel, blir stoppa.


Tredjepartsselskap

Utanlandske pengespelselskap bruker i stor grad tredjepartsselskap med annan kode enn for pengespel. Det har ført til at nordmenn sin tilgang til utanlandske pengespel på nett er tilnærma uavgrensa, trass i forbodat mot formidling av betalinga. Figuren til høgre viser ei oversikt over korleis betalingsformidlinga skjer i praksis: frå norsk spelar betaler innskott med betalingskort for pengespel på nett, til utbetaling av eventuell gevinst til spelaren sin bankkonto.

Effektivisering av forbodat

Lotteritilsynet har i både 2015 og 2016 informert alle typar aktørar, m.a. bankar, utanlandske betalingsformidlarar og andre offentlege organ, om forbodat og om kva dei kan og må gjere for å hindre ulovleg formidling av pengespel. Vi veit no mykje om kven dei utanlandske betalingsformidlarane er, og vi har vore i dialog med mange av dei. Vi har oppnådd at nokre aktørar har sett i verk

Betalingsformidling i praksis



tiltak for å hindre formidling etter vår informasjon, men det er for tidleg å seie i kor stor grad effekten av forbodat er auka. Arbeidet er høgt prioritert av Lotteritilsynet og held fram i 2017.

Regjeringa har i stortingsmeldinga «Alt å vinne» i 2016 konkludert med at: «Departementet vil sende på høyring forslag om regelverksendringar som kan gjere forbodat mot betalingsformidling meir effektivt».

DET SKJER I 2017

- Følge opp tiltaka i stortingsmeldinga «Alt å vinne».
- Intensivere tilsynet med betalingsformidlingsforbodat og ulovleg TV-reklame frå utlandet.
- Revisjonsbaserte tilsyn med Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.
- Gi løyve til NM i turneringspoker frå og med 2018.
- Førebu og etablere kvitvaskingsilsyn.
- Etablere ei tverrfagleg gruppe som skal følge utviklinga og dele kunnskap om sosiale nettverksspel og digital/virtuell valuta.

Speleansvarskonferansen 2016

Lotteritilsynet arrangerer Speleansvarskonferansen annakvart år. Konferansen er eitt av tiltaka i Regjeringas handlingsplan mot speleproblem.

Årets konferanse blei arrangert på Thon Hotel Opera i Oslo den 25. oktober 2016. Temaet i år var om det langsiktige arbeidet med speleansvar gir resultat. Her i landet har nettopp det langsiktige arbeidet ført til ei relativt streng regulering av pengespelmarknaden.

Viktig møtestad

Speleansvarskonferansen 2016 samla om lag 120 politikarar, representantar frå norske og utanlandske spelselskap, styresmakter, behandlarar, forskarar, spelarar og interesseorganisasjonar. Konferansen tilbyr sjølvstøtt fagleg påfyll, med han er også ein viktig møtestad for ulike interessentar i speleansvarsmiljøet.

Brei gjennomgang

På konferansen fekk vi presentert ein ny rapport om endring i speleåtferd, og vi fekk innsikt i korleis organisasjonar som jobbar med speleproblem, har utvikla seg, og korleis verktya for ansvarleg spel verkar. Den norske modellen blei også sett på med skråblikk frå Sverige, og ein tidlegare speleavhengig delte sine egne erfaringar med konferansedeltakarane.



Arni Høskuldsson i samtale med Anne-Mette Hjelle.

Resultat

Tilbakemeldingane er gode. Langsiktig arbeid gir resultat. Krav om registrering av spel, tapsgrenser for spelaren og krav om at spelselskapa skal ha oversikt over spelarane sine, er tiltak som fungerer. Og stortingsmeldinga «Alt å vinne», som no er lagt fram, bygger vidare på det langsiktige arbeidet med speleansvar og regulering.


Pyramidespel

Lotteritilsynets arbeid med pyramidespel i 2016 var først og fremst informasjonsretta. Det blei også avsagt dom i Oslo tingrett om at selskapet World Ventures var eit pyramidespel.

Lotteritilsynet fekk i 2016 mange tips og spørsmål om pyramidespel. Nokre av desse tipsa blei undersøkte nærare, og vi fann grunnlag for å sende brev med informasjon om regelverket til selskapa OneLife OneCoin, Explosive Gambling/Explosive Marketing og Lyoness/Lyconet.

Lotteritilsynet utvikla også eit verkøy der brukarane via nettstaden vår kan teste om eit selskap kan vere eit pyramidespel.

I 2016 blei det slått fast i ein dom frå Oslo tingrett at selskapet World Ventures var eit ulovleg pyramidespel. Saka kom opp for domstolen etter at Lotteritilsynet i 2014 hadde konkludert med at selskapet dreiv ulovleg pyramidespel, og vi gjorde vedtak om at dei måtte stanse verksemda si i Norge. Dommen i Oslo tingrett er anka til lagmannsretten, og det er venta at saka blir handsama i 2018.



Kampfiksingseininga er operativ

Kampfiksingseininga gjekk i løpet av 2016 frå etablering til å bli fullt operativ og bidrar no med å spreie kunnskap.

Eininga, som arbeider primært med å avdekke resultatmanipulering av idrettskonkurransar, har jobba mykje med å etablere ein arbeidsmetodikk og skape konsensus kring denne. Metoden er organisert i ein informasjonssyklus der eininga først og fremst har ansvar for fleirkjeldeanalyse og fordeling/koordinering. I tillegg er det lagt ned stor innsats i arbeidet med å skape plassar for informasjonsutveksling når det blir sett i verk gransking eller forundersøkingar.

Tips er ein nøkkelfaktor

Kampfiksingseininga skal løyse oppgåver pålagt oss av europarådskonvensjonen mot manipulering av idrettskonkurransar og Nasjonal handlingsplan mot kampfiksing i idretten. I analysen av oppdraget blei det raskt klart at tips frå idretten, andre myndigheiter og publikum vil vere ein nøkkelfaktor. I dag er det etablert rutinar og infrastruktur for dette i samarbeid med ei rekke aktørar. Det er også utarbeidd tipsskjema på elleve ulike språk og etablert samarbeid med NISO (idrettsutøvernes fagforbund) om ein applikasjon for varsling. I tillegg har eininga signert intensjonserklæringar med Den internasjonale olympiske komité (IOC), Sportsradar og ESSA Sports Betting Integrity om samarbeid og informasjonsutveksling for å motarbeide resultatmanipulering i Norge.

Arbeidet har ført til tips og fleire pågåande granskingar. To saker er sende tilbake til idretten: ei med tilråding om å sette i verk tiltak, og ei med tilråding om å vurdere sanksjonsprosedyre.

Pilotprosjekt

No driv eininga med eit pilotprosjekt der dei utnyttar forskning på resultatmanipulering og avansert programvare for å utarbeide risikoprofilar på fleire nivå. Det er grunn til å tru at dette vil revolusjonere arbeidet mot resultatmanipulering på overordna nivå. Det vil ikkje erstatte dei andre funksjonane eininga har, men fungerer som eit verktøy for å gi meir presise analysar.

Samarbeidet internasjonalt har vore omfattande. Eininga har vore med i to ekspertgrupper i IOC og i ei gruppe tilknytt eit prosjekt finansiert av EU-kommisjonen (BETMONITALERT). Vi har deltatt på diverse multilaterale møte i regi av Europarådet og bilaterale møte med ei rekke land. Norge har vore eit føregangsland i innføringa av konvensjonen mot manipulering av idrettskonkurransar.



Forskning på pengespel

Det er viktig for norske myndigheiter å ha god kunnskap om pengespelmarknaden og om speleproblem. Eitt av hovudmåla i regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem er å auke kunnskapen.

Tiltak i handlingsplanen har i 2016 munna ut i to nye forskingsrapportar frå Universitetet i Bergen (UiB) om pengespel og pengespelproblem i Norge. Rapportane bygger på datainnsamling som blei gjort hausten 2015. Då var talet på problemspelarar omlag 34 000 (0,9 %) og talet på moderate risikospelarar var omlag 88 000 (2,3 %).

Små endringar

Sidan UiB også samla inn data hausten 2013, har vi med dette fått ny kunnskap om korleis spele-åtfërda ser ut to år etter at Norsk Tipping lanserte nye interaktive nettspel i januar 2014.

I den første rapporten som kom i 2016, såg vi at om lag like mange nordmenn spelte pengespel i 2013 som i 2015 (høvesvis 59 % og 58 % av nordmenn i alderen 16 til 74 år). Blant spelarane var det ingen signifikante endringar i delen som blei rekna som moderate risikospelarar eller problemspelarar. Her var delen 5,1 % av spelarane i 2013 og 5,5 % i 2015.

I 2015 var det totalt 4,7 % av spelarane som hadde spelt online kasinospel, noko som er om lag like mange som i 2013. Rapporten viste at Norsk Tipping si lansering av online kasinospel i 2014 har hatt ein kanalisierende effekt. I 2013 var det 4,4 % av spelarane som hadde spelt kasinospel på utanlandske nettstadar. Denne delen var signifikant redusert til 3,5 % i 2015, samtidig som 2,1 % svarte at dei hadde spelt kasinospel hos Norsk Tipping i 2015.

Rapporten viste også at online kasinospel er blant dei spela der risiko- og problemspelarar er sterkt overrepresenterte. Blant dei som i 2015 spelte online kasinospel hos Norsk Tipping, var det 38,5 % risiko- eller problemspelarar. Blant spelarar på utanlandske nettstader var delen 46,7 %.

Verdifull kunnskap

I den andre rapporten fekk vi annan kunnskap. Denne rapporten inneheldt data frå deltakarar som hadde svart både i 2013 og i 2015. Rapporten var dermed basert på såkalla longitudinelle data, og ikkje ei ny representativ undersøking. Her var merksemda retta mot endringar i grupper av spelarar.

Blant funna i denne rapporten var at delen som spelte på nett, har auka noko frå 2013 til 2015, og særleg at fleire spelarar via mobiltelefonen.

Rapporten undersøkte samanhengen mellom helse- og pengespelproblem over tid. Data i undersøkinga støtta at dårleg helse kan forårsake speleproblem, men også at speleproblem over tid kan forårsake andre helseproblem.

I rapporten blei data sett i samanheng med ulike personlegdomstrekk som folk kan ha. Opp mot speleproblem blei medmenneskelegdom identifisert som ein beskyttande faktor.



Store jobbar i 2016

Ulovleg reklame for pengespel på TV

I 2016 blei arbeidet med å stanse TV-reklame frå utlandet ført vidare. Våren 2016 fekk Lotteritilsynet og Medietilsynet i oppdrag å få i stand dialog med britiske myndigheiter om TV-reklamen for pengespel som blir sendt frå Storbritannia. Formålet var å få vurdert om TV-reklame for pengespel er omfatta av britisk regelverk når det blir sendt mot Norge. Britiske myndigheiter forklarte at pengespelselskapa ikkje ville følge britiske reglar for TV-reklamen retta mot Norge, og at myndigheitene ikkje kunne tvinge dei aktuelle selskapa til å følge britisk regulering. Arbeidet har vist at pengespelselskapa vel bort britiske minimumsreglar til vern for born og unge når dei rettar TV-reklamen mot Norge, utan at britiske myndigheiter kan gjere noko for å stanse dei. Lotteritilsynet samarbeider vidare med Medietilsynet om å synleggjere manglar ved regelverket med sikte på å avgrense eller stanse pengespelreklamen frå utlandet.

Bidrag inn mot stortingsmeldinga

Gjennom delar av 2015 og heile 2016 hadde Lotteritilsynet i oppgåve å støtte Kulturdepartementet med innspel til utforminga av den nye stortingsmeldinga om regulering av pengespel. Den 16. desember leverte kulturminister Linda Hofstad Helleland stortingsmeldinga på vegner av regjeringa: st.meld. 12 (2016–2017) – «Alt å vinne».

Dette er den første prinsipielle og heilskaplege gjennomgangen av lotteri- og pengespelefeltet sidan 2003. Meldinga gjer greie for den store

utviklinga på pengespelefeltet dei siste åra og for korleis regjeringa vil legge til rette for ein god pengespelpolitikk i framtida.

Meldinga legg opp til ein heilskapleg modell for regulering av pengespel som vil stå seg i møte med den teknologiske utviklinga. Hovudmålet er å sikre at lotteri og pengespel blir tilbydde i trygge og ansvarlege former for å avgrense uheldig speleåtferd. Regjeringa vil vidareføre dagens modell på pengespelefeltet. Det vil seie at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto framleis skal ha einerett på å tilby pengespel. Samstundes vil regjeringa styrke den norske einerettsmodellen. Reguleringa av pengespepolitikken skal samlast i ei lov som skal gjelde for alle pengespel, lotteri og totalisatorspel, og Kulturdepartementet skal ha ansvar for heile pengespelefeltet.

Forsking på pengespel

Det er viktig for norske myndigheiter å ha god kunnskap om pengespelmarknaden og om speleproblem. Eitt av hovudmåla i regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem er å auke kunnskapen. Arbeidet munna i 2016 ut i to nye forskingsrapportar. Formålet var mellom anna å undersøke speleåtferda etter at Norsk Tipping lanserte nye interaktive spel i 2014. Begge rapportane gir verdifull kunnskap. Mellom anna går det fram at Norsk Tipping sine kasino-spel har ein kanalisierende effekt – altså at spelarar går frå den uregulerte, utanlandske marknaden og over til eit regulert tilbod med retningslinjer om ansvarleg spel.

Informasjon til alle aktørar om å hindre ulovleg betalingsformidling

Lotteritilsynet har i 2016 jobba mykje med å få eit meir effektivt forbod mot betalingsformidling frå norske bankar til pengespel utan løyve i Norge. Vi har informert alle aktørar, særleg utanlandske betalingsformidlarar, om forbodet og om kva dei kan og må gjere for å hindre ulovleg formidling av pengespel. Vi har oppnådd at nokre aktørar har sett i verk tiltak for å hindre formidling etter vår informasjon.

MILESTOLPAR 2016


Første dom etter nytt pyramide-regelverk avsaugt (World Venture)

Ny befolkningsundersøking (Omfang av penge- og data-spillproblemer i Norge 2015)

Etablering av ny kampfiksings-eining

Stortingsmeldinga «Alt å vinne» – betydelege bidrag frå Lotteritilsynet

Gjennomført Speleansvarskonferansen



Trender og fakta

Den teknologiske utviklinga har dei siste åra gjort at skilnaden mellom pengespel og andre spel (til dømes sosiale nettverksspel, dataspel og liknande) blir mindre tydelege. Sommaren 2016 opplevde mange feberer med Pokémon Go.

Etter norsk lotterilovgivning vil eit spel kome inn under reguleringa dersom spelaren kan vinne ein premie av økonomisk verdi, dersom det kostar pengar å delta i spelet, og dersom spelet har eit heilt eller delvis tilfeldig utfall.

Kva gjer vi?

Kva gjer myndighetene når vi står overfor sosiale nettverksspel som inkluderer element som innsats eller gevinst? Eller når pengespelbransjen gjer sosiale nettverk til ein del av etablerte spel? Kva skjer med sårbare grupper eller unge menneske når ein tar prinsippa med Pokémon Go og lagar det om til eit pengespel? Kva blir problematisk speleåtferd? Korleis kan vi som myndighet regulere? Lotteritilsynet får i løpet av eit år mange slike spørsmål, og vi treng meir kunnskap.

Tverrfagleg gruppe

Derfor har Lotteritilsynet fått i oppdrag frå KUD om å etablere ei tverrfagleg gruppe som skal følge utviklinga av og dele kunnskap om sosiale nettverksspel og digital/virtuell valuta. Målet med gruppa er å auke kunnskapen og formidle denne til allmenta samt avdekke eventuelle behov for regelverksavklaringar. Gruppa har vi kalla Forum for digitale trendar i spel.

Her vil dataspel, pengespel og spel i gråsona stå sentralt. Gruppa skal halde seg oppdatert på den teknologiske utviklinga som påverkar spelmarknaden. Dette inneber å dele kunnskap om og følge med på utviklinga av sosiale nettverksspel, dataspel og andre konsept for elektroniske spel. Koplinga mellom pengar og elektroniske spel samt ulike former for digital valuta vil inngå i arbeidet til gruppa. I denne gruppa skal Forbrukarombodet, Medietilsynet, Lotteritilsynet, IKT-Norge, Barnevakten, Universitetet i Bergen og ein spelutviklar delta.

Forvaltning av lotteriområdet

Alle organisasjonar som skal ha større lotteri, eller får overskot frå bingo eller spel på skip, må vere godkjende som lotteriverdige organisasjonar. Bingo med entreprenør utgjør i dag den største delen av lotteriområdet, med over 4 milliardar kroner i brutto omsetning.

Godkjenning av organisasjonar

Vi godkjende 171 nye organisasjonar som lotteriverdige i 2016. Det var flest organisasjonar i kategoriane idrett og interesseorganisasjonar (om lag 54 % av alle nye organisasjonar var i desse kategoriane). Totalt var det ved årsskiftet 2016/2017 i alt 5 350 godkjende organisasjonar. Oversikt over alle desse organisasjonane finn du ved å gå til Lotteriregisteret via nettstaden vår.

Autorisasjon av entreprenør

Ein entreprenør er i vår samanheng ein aktør som driv lotteriverksemd på vegner av godkjende lotteriverdige organisasjonar. Det var berre éin ny aktør som fekk slik autorisasjon i 2016. I 2015 fekk vi fleire entreprenørsøknader (12 stk.), særleg på grunn av dei nye store lotteria. Nivået i 2016 er meir i samsvar med eit normalår. I Lotteriregisteret var det ved utgangen av 2016 i alt 110 autoriserte entreprenørar, og av desse var det 54 entreprenørar med aktive bingoløyve.

Bingo med entreprenør

Dette er bingoar som blir drivne av profesjonelle aktørar, og der godkjende organisasjonar skal ha visse delar av overskotet frå dei ulike bingospela. I 2016 gav Lotteritilsynet 242 løyve til bingohallar som blei drivne av entreprenørar. Nokre av hallane har fått fleire løyve i løpet av året, slik at talet på hallar var i underkant av 230. Desse løyva gav inntekter til 3 249 organisasjonar. Talet på bingohallar og organisasjonar som får inntekt frå bingo, har vore relativt stabilt dei siste åra.

Foreiningsbingo

Foreiningsbingo er bingo som blir arrangert av den lotteriverdige organisasjonen, og denne får dermed heile overskotet frå bingoverksemda. Det blei gitt løyve til foreiningsbingo for 281 organisasjonar i 2016. 60 av desse løyva blei gitt til bingo i lokalradio/lokal-tv. Her går overskotet til den einkilde lokal-tv eller lokalradiostasjonen. Det var ein liten nedgang i talet på foreiningsbingoar samanlikna med 2015.

Søknader om lotteri med omsetning opp til kr 300 millionar årleg (§7-lotteri)

Ei forskriftsendring i 2015 opna opp for at Lotteritilsynet kan gi inntil fem løyve til store lotteri, og vi lyste ut desse løyva med søknadsfrist 1. september 2015. Lotteritilsynet handsama åtte søknader hausten 2015. Av desse søknadene fekk to vedtak om at dei tilfredsstilte vilkåra som gjaldt på søknadstidspunktet.

Seks av søknadene fekk avslag. Etter handsaming av ei rekke klagesaker i tilsynet og i Lotterinemnda i løpet av 2016 var status ved utgangen av året at to søknader er klare til å få løyve for ni år, og fem søknader kan vere med i loddtrekning om dei tre resterande løyva.


Løyve til lotteri med omsetning mellom kr 200 000 og 100 millionar (§6-lotteri)

Lotteritilsynet gav løyve til at 115 organisasjonar kunne ha slike lotteri i 2016. Dette er tradisjonelle førehands- eller etterhandstrekte lotteri. Talet på løyve til denne typen lotteri har gått svakt nedover dei siste åra.

Meldingslotteri

Dette er tradisjonelle lotteri med årleg omsetning under kr 200 000. Arrangør av denne typen lotteri treng ikkje vere godkjend som lotteriverdig organisasjon. Det er tilstrekkeleg å melde inn lotteriet på eit elektronisk skjema til Lotteritilsynet 14 dagar før det skal haldast, og sende inn ein rekneskapsrapport i etterkant av lotteriet.

2 412 organisasjonar har meldt inn til oss og fått aksept for å ha meldingslotteri i 2016. Dette er ein liten auke frå tidlegare år.



Tilsyn med lotteri

Lotteritilsynet auka tilsynsaktiviteten på alle område i 2016, innanfor ei stabil ressursramme. Prioritering av tilsynsobjekt baserer seg på vurdering av risiko og vesentlegheit.

Tilsyn med bingo

Lotteritilsynet gjennomfører tilsyn med bingo på to måtar: ved rekneskapskontroll og ved fysiske kontrollar i bingohallar. Rekneskapskontrollane er mest omfattande. Alle entreprenørar må sende inn sine bingorekneskap til Lotteritilsynet fire gongar årleg. Lotteritilsynet kontrollerte rekneskap for i underkant av 230 bingohallar i 2016. Det var ein del oppfølging med nokre hallar, men vi fekk til slutt inn alle rekneskap. På denne måten har vi tett oppfølging med at entreprenørane betaler ut rett beløp til formåla til rett tid, og vi reduserer risikoen for at formåla ikkje får sin rettmessige del.

Det blei gjennomført 23 kontrollar i bingohallar i 2016. Bingo-lokale blei plukka ut etter ei risiko- og vesentlegheitsvurdering. Kontrollnivået her er på same nivå som det har vore dei siste åra. Talet på alvorlege avvik har gått ned, noko som kan forklarast med at det har gått ei tid sidan det kom nye reglar for databingo (2012). Den første tida etter innføringa av den såkalla 30-sekundsregelen hadde vi fleire brot på forskrifta på dette punktet. Dette har blitt betre dei siste åra.

Tilsyn med lotterigodkjende organisasjonar

Lotteritilsynet gjennomførte kontrollar av 34 lotteriverdige organisasjonar i 2016, og fire av desse mista godkjenninga. Det blir her kontrollert om organisasjonen framleis oppfyller krava til å vere lotteriverdig, og om dei nyttar lotterimidlar på rett måte.

I tillegg til dette må alle godkjende lotteriverdige organisasjonar, i dag rundt 5 300, årleg sende inn ein enkel rekneskapsrapport. I 2016 var det 144 lotteriverdige organisasjonar som mista godkjenninga på grunn av manglande innsending av denne rapporten. På denne måten sikrar vi også kvaliteten på godkjende organisasjonar i Lotteriregisteret.

Tilsyn med grasrotordninga

I 2016 fekk 25 000 organisasjonar 448 millionar kroner frå grasrotordninga, noko som er ein auke på 13,5 prosent frå 2015. Tal givarar har no passert 1 million. Nesten 2 millionar spelte hos Norsk Tipping i 2016, så det er grunn til å tru at Grasrotandelen vil auke framover.

Sidan Lotteritilsynet frå januar 2013 fekk ansvaret for å føre tilsyn med grasrotordninga, har vi basert utvalet av tilsynssaker på vurderingar av risiko og vesentlegheit, samt på innkomne tips. Det er også lagt vekt på å bruke kunnskapen vi har om organisasjonane frå momsordninga og lotterigodkjenninga. At ein stor del av tilsynssakene endar med utestenging frå ordninga, er naturleg ut frå korleis vi innrettar tilsynsarbeidet.

Det blei opna tilsyn med 66 organisasjonar i 2016. Av desse blei 26 godkjende, 31 blei utestengde, medan fire har fått varsel om utestenging. Fem saker er ikkje avslutta. Samla sett meiner vi at ordninga fungerer godt og er under tilstrekkeleg kontroll.



Over 2 milliardar i tilskot

I 2016 gjekk totalt 681 millionar kroner av overskotet i Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.

Tilskot frå overskotet i Norsk Tipping

I 2014 blei det etablert ei overgangsordning som retta seg mot samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001. Slike organisasjonar kan på visse vilkår søke om å få tilskot frå overskotet i Norsk Tipping. Framlegg til ei permanent ordning frå 2018 for fordelinga av overskotet i Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar er varsla i stortingsmeldinga «Alt å vinne». Den permanente ordninga vil gjelde for visse samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar uavhengig av om dei hadde automatinntekter i 2001 eller ikkje.

I 2016 fordelte tilskotet til desse organisasjonane seg slik:

- 564,9 millionar er kompensasjon for bortfall av inntekter frå automatmarknaden – basert på inntekter frå gevinstautomatane i 2001. Gruppa 10 H (store humanitære organisasjonar) fekk utbetalt 511,1 millionar kroner. 53,8 millionar kroner blei utbetalt til 385 andre organisasjonar.
- 116,4 millionar gjekk til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som *ikkje* hadde automatinntekter i 2001. I 2016 er summen på 116,4 millionar kroner fordelt på 37 organisasjonar, medan 26 organisasjonar til saman fekk 76,8 millionar kroner frå denne potten i 2015.


Momskompensasjon til frivillige organisasjonar – generell ordning

Søknadsprosessen for denne ordninga gjekk greitt også i 2016, men framleis får vi ein del spørsmål, mellom anna om søknadsmodellane og skjønsmessige vurderingar av frådragspostar. Dette er naturleg, då det stadig kjem til nye søkarar og nye personar som skal gjennomføre søknadsprosessen hos eksisterande søkarar.


I 2016 fekk vi 1 448 søknader, og søknadssummen var på i alt 1,721 milliardar kroner. 1 287 søknader blei godkjende og fekk utbetalt 1,291 milliardar kroner etter ei avkorting på 23,7 %. Det har vore ein sterk auke i både tal søknader og søknadssum frå 2010 og fram til no. Det som er mest gledeleg, er at tal organisasjonar som tar del i ordninga, har auka frå 13 000 i 2010 til nærare 23 000 i 2016. Berre frå 2015 til 2016 er auken på 2 000 organisasjonar.

I tillegg til reine avslag gjer Lotteritilsynet ein del reduksjonar i søknadssummane som i hovudsak knytter seg til skjønsmessige vurderingar av størrelsen på frådragspostar. Til saman blei søknadssummen redusert med 30 millionar kroner i 2016. 161 søknader fekk avslag (sjå tabell).

Momskompensasjon (generell ordning) i millionar kroner



Tal på søknader om momskompensasjon (generell ordning)




Avslaga fordeler seg slik:

	2015	2016
Manglar ved søknaden	10	8
Trekt søknad	12	9
Manglande registrering i Frivilligregisteret	18	27
Søkt etter søknadsfristen	16	20
Søknadsbeløp under minstegrense	13	24
Organisasjonen var ikkje i målgruppa	8	8
For sterk næringstilknytning	4	5
For lite frivillig innsats	3	9
For sterk knytning til det offentlege	2	6
Underledd søkte direkte til Lotteritilsynet	87	45
	173	161


Momskompensasjon – idrettsanlegg

I 2016 fekk vi 419 søknader med ein søknadssum på 200 millionar kroner. Det har vore ein jamn auke i tal søknader frå 2010, då talet var 78. I 2016 var godkjend søknadssum 192 millionar, og det blei inga avkorting. 23 søknader fekk avslag, 7 søknader mangla revisorattest, 4 hadde søknadsbeløp under minstegrensa, 4 hadde ikkje rett søknadsobjekt, og 8 hadde andre manglar ved søknaden. Det er lite skjønn knytt til sakshandsaminga, men det er framleis ein god del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging under sakshandsaminga.

Søknader om idrettsmoms i millionar kroner



Tal på søkarar innan idrettsmoms



DET SKJER I 2017

- Basert på framlegg i stortingsmeldinga «Alt å vinne» vil departementet starte arbeidet med ei felles lov for lotteri, pengespel og totalisatorspel, og departementet har bedt Lotteritilsynet om hjelp i dette arbeidet.
- Vi skal gi innspel til departementet når det gjeld berekningsmodell for den generelle momskompensasjonsordninga. Vi skal også medverke til ein generell gjennomgang av forskrifta i 2017 for å vurdere om ordninga kan gjerast enklare og betre. Det er lagt opp til at eventuelle endringar i forskrifta vil bli sende på høyring i 2017 med verknad frå søknadsåret 2018.
- I 2017 skal vi i samarbeid med departementet utarbeide ei permanent ordning for tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå overskotet i Norsk Tipping, gjeldande frå 2018.
- Vi skal dessutan vurdere tiltak som kan føre til auka bruk av registeropplysningar.
- Vi skal i 2017 oppsøke alle bingoentreprenørar og har som mål å auke bruken av våre elektroniske skjema.

Milestolpar og store jobbar i 2016

Målet er å effektivisere heile søknadsprosessen og gjere oss i stand til å vri bruken av ressursar over på søkarar med størst risiko.

Forenkling og effektivisering

I forvaltninga av ordninga med momskompensasjon opererer vi med ei svært stor datamengde i søknadsmassen. Heilt frå den utvida ordninga vart etablert i 2010, har vi lagt stor vekt på risiko og vesentlegheit i sakshandsaminga. Vi ønsker dessutan i størst mogeleg grad å gjere oss nytte av registeropplysningar, både interne og eksterne. Vi har registrert stadig meir informasjon om dei ulike søkarane i fagsystemet. Samla sett har denne informasjonen og bruk av registeropplysningar sett oss i stand til å teste ut og utvikle forenkla sakshandsaming av søknader som oppfyller definerte kriterium. Våren 2016 blei det gjennomført eit forprosjekt der rammene og funksjonaliteten for eit nytt fagsystem blei skissert. Målet er at det nye fagsystemet skal effektivisere heile søknadsprosessen og i størst mogeleg grad gjere oss i stand til å vri bruken av knappe ressursar over på søkarar med størst risiko. Det vil også bli lagt til rette for bruk av eventuelle nye registeropplysningar i Frivilligregisteret.

Elektroniske skjema

Også i 2016 arbeidde vi med å forbetre våre elektroniske skjema, og for å auke bruken av desse.

Når det gjeld søknadsskjemaet om momskompensasjon, var det berre 6 % av søknadene som kom per post. 24 % sende søknad per e-post, medan 70 % søkte elektronisk. Søknadene om momskompensasjon for idrettsanlegg var alle elektroniske.

Rekneskapsrapportering frå godkjende organisasjonar gjennom Altinn kjem i all hovudsak inn til oss elektronisk (90 % i 2016), medan vi har ein jobb å gjere med å få søknader og rapportering frå bingobrandsjen over på heilelektronisk plattform.

Av andre aktivitatar i 2016 kan vi nemne:

Mai: Studietur til våre danske kollegaer for dei som arbeider med lotterifeltet.

Juni: Studietur til Brussel/ESA for medarbeidarar med ansvar for momskompensasjon.

August: Vi arrangerte nordisk møte på lotteri- og penge-spelfeltet i Trondheim.

September: E-kurs i forvaltningsrett i regi av Difi.



Trender og fakta

Auken i ramma for momskompensasjon for frivillige organisasjonar samt auken i utdeling frå Grasrotandelen kan ha redusert behovet for lotteriinntekter for mange organisasjonar.

Lotteriområdet

Det er ikkje store svingingar på den private lotterimarknaden. Vi registrerer framleis ein nedgang i omsetninga på tradisjonelle bingospel, men utplassering av Belago-terminalar frå Norsk Tipping i dei fleste bingohallane har ført til at formåla sine inntekter frå bingo ikkje har minka tilsvarande.

Fordeling av Grasrotandelen frå Norsk Tipping har auka når det gjeld både utbetalingsbeløp og tal organisasjonar. I 2016 blei det delt ut 448 millionar kroner til om lag 25 000 organisasjonar.

Arbeidet med dei nye store lotterisøknadene har vore langt meir tid- og ressurskrevjande enn forventa. Under føresetnad av at det ikkje kjem ytterlegare klagesaker som drar ut prosessen, reknar vi med å kunne gi endelege løyve i 2017 til fem store private lotteri for perioden 2017–2026. Det blir spennande å følge utviklinga for desse.

Momskompensasjon – generell ordning

Det er i samsvar med formålet med ordninga at midlane skal nå ut til stadig fleire organisasjonar i frivillig sektor. Det er derfor gledeleg at 2 000 fleire organisasjonar fekk kompensasjon i 2016 enn i 2015. Om denne utviklinga held fram, vil talet på organisasjonar snart vere dobla frå 2010, då 13 000 organisasjonar tok del i ordninga. Som før skuldast størstedelen av auken at sentralledda tar med stadig fleire av sine underledd i sin samla søknad.

Ut frå auken i søknadssum ser vi at avkortinga dei siste åra har auka. Størrelsen på avkortinga vil vere avhengig både av søknadssum og av kor mykje midlar det blir tildelt i ordninga. Basert på tal frå dei siste åra kan det vere grunn til å tru at avkortinga vil auke framover.



Momskompensasjon 2010–2016

Søknadsår	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal søkarar	869	880	907	1 079	1 189	1 351	1 448
Tal organisasjonar	13 160	14 248	16 188	17 863	18 900	20 626	22 653
Tildelt/ramme (NOK 1 000)	397 860	597 409	619 583	940 966	1 191 554	1 222 201	1 290 951
Søknadssum (NOK 1 000)	1 279 619	1 214 978	1 306 265	1 422 920	1 484 043	1 597 299	1 720 704
Godkjend søknadssum (NOK 1 000)	1 138 643	1 173 532	1 267 446	1 346 466	1 435 692	1 561 339	1 691 005
Avkorting i %	65,5 %	49,1 %	51,1 %	30,1 %	17,0 %	21,7 %	23,7 %
Tal avslag / avviste søknader	185	175	111	160	149	174	161

Ein av fem stiftelsar søkte om endring

Søknad om registrering og seinare endring av stiftelser skal godkjennast av Stiftelsestilsynet. I 2016 fekk vi inn litt over 1700 slike søknader.

Søknadene omfattar i hovudsak nyregistrering, kapitalendring, vedtektsendring, samanslåing, deling og oppheving av stiftelsar. I tillegg kjem det søknader om omskipling av bandlagde eigedelar etter stiftelseslova § 55, omdanning av private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3 og bandlagd pliktdelsarv etter arvelova § 32 samt omdanning av enkelte samvirkeføretak.

Talet på søknader er stabilt

Talet på innkomne søknader i 2016 ligg på nivå med året før. Talet på nyregistreringar, kapitalendringar og samanslåingar er stabilt. Medan det er ein auke i talet på vedtektsendringar, har talet på opphevingar gått noko ned. Vedtektsendringar auka med 14 prosent til 813 saker, medan det var 213 stiftelsar som søkte om oppheving, ein nedgang på 27 prosent frå året før. Også talet på generelle førespurnader auka noko.

Talet på saker etter stiftelseslova § 55, dekningslova kapittel 3 og arvelova § 32 var stabilt med ca. 150 saker i 2016.

Auken i talet på søknader om vedtektsendringar ligg innanfor normale svingingar. Reduksjonen i talet på opphevingar kan skuldast at tyngda i den tidlegare søkargruppa (mindre pengeutdelande stiftelsar) alt er oppheva eller heller søker om samanslåing. At vi framleis får

inn eit høgt tal saker om private beslagsforbod og bandlagd pliktdelsarv, meiner vi skuldast at tingrettane er blitt meir merksame på slike klausular i testament. Det var òg ein «trend» i ein periode å ta inn klausular om kreditorvern og unntak frå konkurs i testament og gåvubrev, noko som viser seg når testamenta blir aktualiserte.

Like mange klager

Vedtak frå Stiftelsestilsynet kan klagast inn til Stiftelsesklagenemndna, og vi fekk i alt 44 klager i 2016. Dette er ei meir enn året før, og klagene fordeler seg slik (tal klager i parentes): kapitalendring (2), vedtektsendring (10), samanslåing (6), oppheving (17), bandlagde eigedelar etter stiftelseslova § 55 (2), private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3 og bandlagd pliktdelsarv etter arvelova § 32 (2), klage etter tilsynssak (3), sakskostnader (1) og avvising (1).

Held jamt over fristane

Målet for sakshandsaminga i 2016 har vore at alle dokument skal svarast på innan ein månad. For saker som gjeld nyregistrering, er svarfristen ei veke. Vi har jamt over halde desse fristane. Den reelle sakshandsamingstida vil i mange saker vere lengre enn ein månad, fordi vi må få inn tilleggsdokumentasjon før vi kan gjere vedtak. Normal svarfrist

for stiftelsen er fire veker, men ofte blir fristen forlenga etter ønske frå søkar. Det gjeld ofte i saker om vedtektsendring, oppheving og samanslåing.

Stort behov for rettleiing

Stiftelsestilsynet har òg som oppgåve å gi rettleiing innanfor sitt saksfelt. Rettleiinga skjer gjennom fleire kanalar: kundehandsamingssystemet Zendesk, telefonar, e-post og vanleg brevpost.

Stiftelsestilsynet arbeider heile tida for å ha nettsider med god og aktuell informasjon. Nettsidene gir fyldig informasjon og rettleiing om dei ulike søknadsprosessane. Dessutan gir nettsidene svar på omkring 150 spørsmål innanfor ulike tema. Det er òg mogleg å kontakte Stiftelsestilsynet med generelle spørsmål ved å sende inn eit kontaktskjema. Spørsmåla blir handsama i kundehandsamingssystemet Zendesk, der målet er å rettleie kunden i løpet av påfølgande arbeidsdag. Vi kan hente ut rapportar over spørsmål med mest visning, responstid, innsende spørsmål mv.

Dei fem mest viste spørsmåla i 2016 var:

1. Vi har valt nytt styre. Korleis skal vi registrere det nye styret?
2. Kva er grunnkapital?
3. Kva er ein avviklingsrekneskap?
4. Korleis opprettar eg ein stiftelse?
5. Når kan eit styremedlem fråtre styret?

Vi fekk i alt 465 spørsmål via kontaktskjema i løpet av 2016. Vi fekk litt fleire spørsmål i første halvår enn i andre, og kundane har jamt over fått tilbake-melding innan påfølgande arbeidsdag. I tillegg skjer ein god del rettleiing via telefon, e-post og vanleg brevpost. Stiftelsestilsynet reknar at omkring 1 årsverk går med til generell rettleiing.



Kartlegging av nivået på honorar og kostnader

Stiftelsestilsynet gjennomførte i 2016 ei spørjeundersøking blant norske stiftelsar. Målet med undersøkinga var å kartlegge nivået på kostnader til styre og administrasjon. I alt 93 % av stiftelsane svarte på undersøkinga.

Vi ønskte også å kartlegge kva type oppgåver stiftelsane gjer sjølve, og kva oppgåver dei set ut til andre, i tillegg til kor mykje stiftelsane bidrar med til samfunnet i kroner.

Rapport i 2017

Rapporten bygger på tal som stiftelsane har rapportert sjølve. Det er derfor fleire mogelege feilkjelder. Vi trur likevel at dei overordna slutningane og trendane gir eit rettvisande bilde av situasjonen.

Her er ei kort oppsummering av funna, sjå også figurane under.

- I undersøkinga svarte 51 prosent av stiftelsane at dei i hovudsak delar ut pengar.
- Undersøkinga viser at det er mykje frivillig arbeid. Dei fleste styra (72 %) tar ikkje honorar og gjer mykje av jobben sjølve. Blant dei som tar

honorar, er nivået stort sett lågt, men her er store variasjonar. I nokre få større stiftelsar blir det betalt ut høge honorar, og der er det også andre høge kostnader.


- Vi får fleire og større stiftelsar, men framleis er mange stiftelsar relativt små. Dette gjeld eigenkapital og utdelingar, men også kostnadene som stiftelsane har. Om lag 44 % av stiftelsane har under 1 million kroner i eigenkapital. Det er også ein klar samanheng mellom størrelsen på stiftelsane og dei kostnadene dei har.
- Vi har fått dokumentert at nivå på styrehonorar i ulike stiftelsar må vurderast konkret.
- Norske stiftelsar opplyser å ha delt ut 4 milliardar kroner til samfunnet i 2014. I tillegg kjem midlar og utgifter som går til formålet, men som ikkje lar seg kvantifisere.

Auka kunnskap


Vi ser på undersøkinga som eit viktig bidrag til innsikt i og kunnskap om norske stiftelsar spesielt og deira bidrag til samfunnet generelt. Som tilsynsorgan og forvaltar av stiftelsesforma har vi gjennom denne undersøkinga fått tilført auka kunnskap, som gjer at vi kan drive meir målretta og effektivt.

Stiftelsestilsynet vil framheve dei positive funna og nytte høve til å anerkjenne dugnadsarbeidet som blir gjort. Det er mange årsaker til at folk tar på seg styreverv. Det at stiftelsar utfører ei samfunnsnyttig oppgåve, kan vere god motivasjon for gratis styrearbeid. Samstundes vil vi peike på at honorar kan vere eit viktig middel for å sikre eit verdiskapande styre som igjen sikrar realisering av formålet.

Tal stiftelsar etter type og eigenkapital (intervall)



Gjennomsnittleg honorar etter type stiftelse og eigenkapital (intervall)



Fleire former for kontroll med stiftelsane

I tillegg til å kontrollere at søknadene frå stiftelsane ikkje går lenger enn kva stiftelsens vedtekter og formål tillèt, overvakar vi også stiftelsessektoren og følger opp ei rekke ulike problemstillingar.

I tillegg til å kontrollere søknadene frå stiftelsane utfører Stiftelsestilsynet ei rekke tilsyn basert både på informasjon vi får inn (meldingar og tips), og på informasjon vi skaffar oss sjølve (overvaking).

Meldingar og tips om stiftelsane

Stiftelsestilsynet får inn meldingar i fleire kanalar. Det er lagt til rette for at alle kan legge inn anonyme meldingar på nettstaden vår, og vi får mange meldingar i brev, på e-post og på telefon. Meldingane kjem ofte frå revisorar i stiftelsar, frå styremedlemmer og frå andre i og rundt stiftelsane.

I 2016 oppretta vi 268 saker på bakgrunn av slike meldingar. Det er 56 færre saker enn i 2015. Nedgangen skuldast først og fremst at vi har fått 61 færre revisorbrev i 2016 enn i 2015.

Innhaldet i meldingane varierer stort. Mange meldingar dreier seg til dømes om usemje internt i styret, der eit styremedlem ønsker at vi skal gå inn og seie kven som har rett. Slike saker ligg ofte utanfor vår legalitetskontroll og blir etter ei kort

vurdering avslutta utan vidare oppfølging. Andre meldingar kan dreie seg om ulovlege lån eller kapitalforvaltning. Slike meldingar kan danne utgangspunkt for ei større sak som til dømes kan munne ut i at styret blir skifta ut. Dei mest omfattande tilsynssakene våre har som oftast sitt opphav i tips eller omtale i media. Eksterne kjelder er derfor viktige for å kunne avdekke kritikkverdige tilhøve i stiftelsane.

Overvaking av stiftelsane

Stiftelsestilsynet overvakar stiftelsessektoren på fleire måtar. Vi følger med i media og offentlege register og følger opp avvik og andre utfordringar vi oppdagar. I 2016 blei det oppretta 293 tilsynssaker med bakgrunn i vår overvaking. Det er 254 færre saker enn i 2015. Nedgangen i talet på saker skuldast hovudsakleg systemtilsyna. Talet på systemtilsyn vil variere ut frå kva type prosjekt vi set i gang.

Systemtilsyn

Stiftelsestilsynet følger nøye med på at alle stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret, at all pliktig informasjon er registrert i Stiftelsesregisteret, Einingsregisteret og Føretaksregisteret (kvantitative mål), og at den registrerte informasjonen er korrekt (kvalitative mål). Tilsynssaker som spring ut av avvik og annan informasjon vi skaffar oss gjennom denne overvakinga, kallar vi for systemtilsyn. I 2016 blei det oppretta 263 slike saker. Sakene kan kategoriserast slik:



- Eit prosjekt om næringsdrivande stiftelsar som ikkje har registrert minimum kr 200 000 i grunnkapital. Vi sende ut brev til 131 stiftelsar. 79 av stiftelsane er følgde opp i tilsynssaker.
- Eit prosjekt om stiftelsar som ikkje hadde opplyst om talet på styremedlemmer i vedtektene. Vi har sendt ut 472 brev. To av desse er følgde opp i tilsynssaker.
- Eit prosjekt om stiftelsar som i rekneskapet har balanseført eigedom, men som ikkje står oppført med heimel i grunnboka. Vi sjekkar kva som er bakgrunnen, og om styret har gjort forsvarlege vurderingar. 100 stiftelsar er følgde opp i tilsynssaker.
- Eit prosjekt om stiftelsar som har heimel til eigedom, men der organisasjonsnummer ikkje er knytt til heimelshavar.
- Stiftelsar som ikkje er registrerte i Stiftelsesregisteret. Basert på data frå kartverket har vi følgd opp tre einingar som kan vere stiftelsar.
- Vi har følgd opp 26 stiftelsar der revisor fråtrer og styret ikkje får på plass ny revisor.
- Vi har følgd opp 43 stiftelsar som ikkje hadde levert årsrekneskap for 2014 innan mars 2016.

Melding til politiet

Stiftelsestilsynet politimelder regelmessig stiftelsar som ikkje leverer årsrekneskapen. I 2016 gjekk det ut melding til politiet om sju stiftelsar som

ikkje hadde levert årsrekneskapen for 2014 innan juni 2016. I ei av sakene blei det vedtatt førelegg, og fire saker blei lagde bort av politiet. Stiftelsestilsynet klagar på alle saker som blir lagde bort av politiet, og så langt har statsadvokaten tatt ei av klagene til følge.

Arbeidsmetodikk i tilsynssaker

I 2016 har Stiftelsestilsynet jobba med eit forprosjekt om arbeidsmetodikk i tilsynssaker. Målet er å styrke risikovurderingar og prioriteringar, effektivisere sakshandsaminga og synleggjere tilsynsarbeidet. Vidareutvikling av tilsynsmetodikk og arbeidsmetodikk vil bli ei viktig oppgåve i 2017.

I 2016 har vi også starta arbeidet med å styrke samordning og informasjonsutveksling med relevante aktørar. Vi har hatt møte med Kulturdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Økokrim, Finanstilsynet, Utdanningsdirektoratet, BI– Senter for stiftelser og Stiftelsesforeningen.

I tillegg møtte vi nordiske tilsynskolleger i Stockholm og har deltatt på ei rekke seminar om stiftelsar både i Norge og i utlandet.

Ressurskrevjande tilsyn

Som i 2015 var også 2016 prega av fleire ressurskrevjande tilsynssaker. Ei av desse var Lise og Arnfinn Hejes fond, som vi har følgd lenge, og som i starten på året dessverre måtte melde oppbod. Ei anna dreier seg om Romanifolkets/taternes kulturfond. Dei store tilsynssakene er ofte prega av mykje medie-merksemd, som mellom anna fører til mange krav om innsyn i dokument som vedkjem saka. Det er ofte nødvendig med omfattande arbeid for å gå gjennom dei dokumenta som det er bedt om innsyn i.

STRATEGI

2016

2017

2018

2019

2020

Stiftelsestilsynet skal bidra til å skape tryggleik og tillit til stiftelsar som organisasjonsform og arbeide for å sikre ei lovleg forvaltning av stiftelsar.

I 2016 har vi arbeidd med å legge overordna føringar for arbeidet i perioden fram til 2020. Vi har sett oss tydelege mål og jobbar med å konkretisere tiltaka.

I 2017 og åra framover skal vi

- styrke risikovurderingar og prioriteringar
- styrke og effektivisere sakshandsamingsprosessen
- synleggjere effektivt tilsynsarbeid
- styrke samordning og informasjons-

utveksling med relevante aktørar, nasjonalt og internasjonalt

- sikre kvalitet på og utvikling av Stiftelsesregisteret
- systematisere, utvikle og dele erfaring og kunnskap
- delta i samfunnsdebatten og vere synlege i relevante sosiale medium
- ha relevant, oppdatert og tilgjengeleg informasjon på våre nettsider
- legge til rette for enkel sjølvbetening



Arbeid med ny stiftelseslov



Noverande stiftelseslov blei gjort gjeldande frå 1. januar 2005. I tida fram til no har det skjedd ei betydeleg utvikling innanfor stiftelsessektoren, og det er behov for å revidere stiftelseslova.

Kongen i statsråd oppnemnde 5. februar 2016 eit lovutval for å vurdere stiftelseslova. Utvalet var sett saman av Gudmund Knudsen (leiar), Inger Julie Aasland, Celie Tveit og Aksel Mjøs. Seniorrådgivar Liv Tystad i Stiftelsestilsynet har saman med Cecilie Bakke Dueled, seniorrådgivar i Nærings- og fiskeridepartementet, vore fast sekretariat i utvalet. Stiftelsestilsynet har også bidratt med informasjon til utvalet.

Stiftelseslovutvalet leverte si utgreiing (NOU 2016: 21) med forslag til ny stiftelseslov 21. oktober 2016. Lovforslaget blei sendt på høyring 24. oktober 2016 med høyringsfrist 30. januar 2017.

Det har vore eit omfattande og viktig arbeid for Stiftelsestilsynet å gå nøye gjennom gjeldande lov og forslaget til ny stiftelseslov i samband med den pågåande revisjonen av stiftelseslova.

DET SKJER I 2017

- Stiftelseskonferansen 2017. Årets tema: Omdømme – kva er det, og kva betyr det for stiftelsen? Konferansen er ein viktig arena for kompetanseheving og nettverksbygging for norske stiftelsar.
- Ny stiftelseslov. Regjeringa planlegg å fremje nytt lovforslag for Stortinget i 2017. Oppfølging av ny lov blir ei viktig oppgåve for Stiftelsestilsynet framover.
- Saksbehandlingssystema skal oppgraderast. Dette er viktig for auka digitalisering, brukarvenlege løysingar og kunnskapsdeling.
- Arbeidsmetodikken i tilsynsarbeidet skal vidareutviklast. Vi skal drive målretta arbeid og utøve raskt og effektivt tilsyn der det er mest vesentleg og risikoen for misleghald er størst.
- Tilsynsarbeidet skal synleggjerast på nettstad, på blogg og gjennom konkrete døme.

Norske stiftelsar i 2016

Ved utgangen av 2016 var det registrert 6869 stiftelsar i Stiftelsesregisteret, mot 7139 i 2015. Av desse er 6109 (6276 i 2015) registrerte som alminnelege stiftelsar og 837 (863 i 2015) som næringsdrivande stiftelsar. Vi har registrert 92 nye stiftelsar, og 263 stiftelsar er oppheva.

Den bokførte eigenkapitalen ifølge siste tilgjengelege rekneskap (2015) er på 154 milliardar kroner. Dette er ein auke på vel 11 milliardar kroner frå 2014.



Stiftelsesregisteret

Stiftelsestilsynet er registerfører for Stiftelsesregisteret. Stiftelsestilsynet har sidan 2009 gjennomført ulike kvalitetsprosjekt ved sida av løpande drift, for aktivt å betre kvaliteten på registeropplysningane.

Betre kvalitet for brukarane

Der måltalet tidlegare låg på ned mot 80 % for vedtekter, registrert styre og revisor, er det no tilnærma 100 % dekning av desse opplysningane. Stiftelsestilsynet har som grunnhaldning at det skal vere innsyn og opne data, og har heile tida gjort opplysningar tilgjengelege for publikum. Etter første publikumsversjon i 2010, har vi utvida den to gonger, sist i 2015.

Søkbart register

Registeret er søkbart og har tilgang til informasjon om alle norske stiftelsar med vedtekter. I tillegg til informasjon frå sjølve Stiftelsesregisteret speglar publikumsversjonen også informasjon frå andre offentlege register, som Rekneskapsregisteret (eigenkapital), og informasjon om til dømes styreendringar og andre endringar gjort i Einingsregisteret eller Førretaksregisteret. Brukaren kan sortere etter geografiske område, sektor, kapital osv. Treffa i søka kan opnast for å vise meir informasjon og overførast til rekneark der ein kan jobbe vidare med resultatata.

Nytt sakshandsamingssystem

I tråd med strategien til Lotteri- og stiftelsestilsynet har vi i 2016 arbeidd med å legge til rette for gode og brukarvenlege digitale løysingar, m.a. ved innsending og mottak av digitale søknader og løysingar for heilt og delvis automatisert sakshandsaming. Målet er at dei nye digitale løysingane skal gi både oss og stiftelsane ei meir brukarvenleg og effektiv sakshandsaming.

Som ledd i dette har vi i 2016 starta arbeidet med å effektivisere sakshandsaminga internt hos oss og forenkle digitale søknadsskjema for stiftelsane. Stiftelsane kan allereie i dag sende inn søknader via Altinn, som kjem elektronisk direkte til oss, men vi har mål om at søknadsskjema skal bli endå meir brukarvenlege og ha høgare digital kvalitet for å oppnå raskare sakshandsaming.



Kommunikasjonstiltak

Lotteri- og stiftelsestilsynet har sett i verk fleire tiltak for å modernisere og effektivisere tenestene våre. Det har gitt oss klarspråksprisen og gode resultat på brukarundersøkingar.

Klart språk

Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk i februar 2016 Statens klarspråkspris for 2015. Prisen blei delt ut i Oslo av statsråd Jan Tore Sanner og er ein viktig honnør for arbeidet som har vore gjort gjennom fleire år. Dette var juryens grunngiving:

Vinneren av årets pris har arbeidet med klarspråk siden 2011 og har store ambisjoner. Alt de ansatte skriver, skal bli forstått av mottakerne på første forsøk. Statsorganet har to mål med sin språkpolitikk, og de to målene må sees i sammenheng. Det ene målet er at all skriftlig kommunikasjon skal bygge på prinsippene for klarspråk, noe som er særlig viktig i forbindelse med digitalisering av forvaltninga. Det andre er at statsorganet skal være et forbilde for andre statlige virksomheter gjennom aktivt å bruke begge de likestilte skriftspråkene våre – nynorsk og bokmål.

Klarspråksarbeidet starta som et prosjekt og er nå blitt en integrert del av måten å arbeide på i dette statsorganet. Prosjektgruppa var sammensatt av folk fra ulike avdelinger, og arbeidet var organisert i faste strukturer, slik at det ikke skulle være personavhengig. Årets prisvinner påpeker at det er krevende å endre skrivekulturen i en organisasjon. Ikke alle medarbeidere var enige i at språket i virksomheten burde forbedres. Det har vært viktig at ledelsen, ildsjeler i avdelingene og kommunikasjonsavdelinga har drevet arbeidet framover.

Juryen vil særlig framheve den innsatsen prisvinneren har gjort for å måle og dokumentere effektene av klarspråksarbeidet. Spørreundersøkelser fra flere år viser at brukerne er stadig mer fornøyde med den skriftlige informasjonen de får, og de synes informasjonen fra statsorganet er blitt lettere å forstå. Interne målinger viser at brukerne ringer

sjeldnere og sender færre e-poster, noe som sparer de ansatte for over 1000 arbeidstimer. Da statsorganet erstattet 20 papirskjemaer med ett digitalt skjema, ble både regelverket og språket mer forståelig for mottakerne, og de opplevde at saksbehandlinga ble vesentlig forenklet. Gjennom målinger over flere år

har statsorganet dessuten sett at de ansattes holdninger til klarspråk er blitt mer positive.

Årets prisvinner forteller sin klarspråks-historie på en overbevisende måte. Klarspråksprisen 2015 går til Lotteri- og stiftelsestilsynet.



Nytt intranett

I april 2016 starta vi arbeidet med eit nytt intranett i tilsynet. Det nye intranettet skal lanserast våren 2017. Vi valde å halde fram med programsystemet SharePoint, fordi vi treng ei publiseringsløysing der dokumenthandtering er ein viktig del.

Det nye intranettet skal

- gjere kvardagen lettare for brukarane og gi meir tid til dei tilsette sine primæroppgaver
- vere brukarretta, lett å forstå og ha ein oversiktleg struktur
- gjere det lett for tilsette å finne relevant informasjon og løyse oppgaver på ein enkel måte
- gi meir samarbeid og meir deling av kunnskap

Kommunikasjonsstaben i tilsynet leiar prosjektet, og vi kjøper konsulenthjelp frå Bouvet Bergen til utviklingsarbeidet.



Brukarundersøking om Stiftelsesregisteret

Vi lanserte ny publikumsversjon av Stiftelsesregisteret hausten 2015 og gjennomførte i samarbeid med Epinion AS ei brukarundersøking av registeret i mars 2016. Tilbakemeldingane vi fekk, var at brukarane var positive til dei enkle oppgåvene i registeret, men at sida med avansert søk var tung å bruke. Undersøkinga blei gjennomført med kvalitative personintervju kombinert med praktiske brukaroppgaver. Tilbakemeldingane tar vi med oss i det vidare arbeidet.

Brukarundersøking om lottstift.no

Vi lanserte ny nettstad i januar 2016 og gjennomførte ei brukarundersøking av denne i mars. Tilbakemeldingane var generelt positive, og fleire kommenterte at nettstaden har kome langt med tanke på brukarvenlegheit. Brukarane opplevde at lottstift.no er moderne og lett å navigere i. Vi fekk også konkrete tilbakemeldingar på ting som kan bli betre, og har gjort justeringar basert på dette. Det var Epinion AS som gjennomførte undersøkinga for oss. Metoden var ein kombinasjon av kvalitative personintervju og brukartest av nettstaden med tilpassa oppgaver. Undersøkinga var delt opp i fire ulike brukargrupper. Brukarar av Lotteritilsynet, brukarar av Stiftelsesregisteret, brukarar av ordninga med momskompensasjon og andre interessentgrupper.

Fødselsdato	Organisasjonsnummer	Navn	
01.03.2017	91810408	ASLJEND MESTERLINS MINNEFOND	Se mer
Ingen vedsteder			
23.02.2017	91859406	ØRNULF RANGERS LEDAT TIL BÅTSPORTENS FREMME	Se mer
<p>Vedsteder for Ørnulf Rangere legat til båtportens fremme 1. Navn og nettside Legatens navn skal vere Ørnulf Rangere legat til båtportens fremme. Legatet trykk på berøygjave fra Ørnulf Rangere Rangere. Legatet skal utvalgt av oss som ein alminnelig stiftelse i henhold til stiftelseslovens bestemmelser og søknaden våre underlagt denne loven. 2. Formål Legatets formål er å hjelpe unge båtportens fremme opp til og med en alder av 18 år og...</p>			
23.02.2017	91851376	STIFTELSEN JUSTISENS VEGS	Se mer
<p>VEDSTEDER FOR STIFTELSEN JUSTISENS VEGS 1. Adstiftelsen skal er Austevne mg 5, og lile stiftelse 18 12 18, 8. Stiftelsen er opprettet etter Arne Ola Wågnesen, medlem av 01.08.2014. 2. Stiftelsens formål er i NH bestament å bruke andelen og verdier i løst til gøkkhøytidstribus for pasienter tilhørende DPS Gausvik. 3. Stiftelseskapital Stiftelseskapitalen utgår til 3.200.000, hvorav er 100.000 utgår stiftelsens grunnkapital og er 3...</p>			
23.02.2017	918572406	STIFTELSEN NORDISK BIBELMUSEUM	Se mer

Undersøking om utanlandske pengespelselskap

I 2016 gjennomførte Respons Analyse på oppdrag frå oss ei landsrepresentativ undersøking om nordmenns kjennskap og haldningar til utanlandske pengespelselskap og deira ulovlege marknadsaktivitetar retta mot norske forbrukarar. Eit utval på 1019 nordmenn i alderen 16–89 år svarte på undersøkinga.

Resultata viser:

- Kun 4 av 10 (44 %) har høyrte om det norske pengespelmonopolet.
- Forvirringa rundt regelverket er stor. 4 av 10 (44 %) trur utanlandske spelselskap ikkje har lov til å reklamere i Norge, medan nesten 6 av 10 (57 %) trur det er lov eller er usikre.
- 1 av 4 trur at store utanlandske spelselskap som Betsson (25 %) og Norgesautomaten (23 %) marknadsfører seg lovleg i Norge.




- Kvinner er meir usikre på regelverket enn menn. Her svarer dobbelt så mange (28 % mot 14 %) at dei ikkje veit om utanlandske spelselskap har lov til å reklamere i Norge.
- 6 av 10 (59 %) synest det er uakseptabelt at norske kjendisar representerer og reklamerer for utanlandske spelselskap. Berre 14 prosent synes dette er greitt.
- 3 av 4 synes den ulovlege marknadsføringa er uakseptabel.

Resultata blei brukt som grunnlag for informasjonsarbeid i 2016.

Trafikk på nettstaden

Vi har ein auke i besøk på nettstaden vår samanlikna med 2015. Over 50 prosent besøker oss via søkemotorar, medan 25 prosent er direkte trafikk. Besøk frå sosiale medium er stabilt på om lag 7 %. Trafikken frå mobil og nettbrett har vore aukande dei siste åra, men er uendra samanlikna med 2015. 77 prosent besøker oss framleis frå PC, om lag 18 prosent frå mobil, og 5 prosent frå nettbrett.



Oppslag i media

Medieoppslag i 2016 var på om lag same nivå som i 2015. Vi var omtalte i over 1300 medieoppslag. Flest medieoppslag har vi i nettaviser og papiraviser, både lokal- og rikspresse. Vi har også vore godt synlege i radio og på TV, i regionaviser og i fagpresse. Det er i år som i fjor særleg pengespelområdet media er interesserte i.

Direktør Atle Hamar og programleiar Ingunn Solheim i Debatten på NRK1.

Digitaliseringstiltak

Vi har gjennomført fleire digitaliseringstiltak i 2016. Alle tiltaka skal medverke til at vi leverer betre tenester til publikum og brukarane, og at vi effektiviserer forvaltninga vår.

Digital post

I fjor starta vi med å sende post digitalt. Avvikling av papirbasert post og omlegging til digital utsending er i tråd med regjeringas digitaliseringsprogram. Digital kommunikasjon skal vere førstevallet i samhandling mellom det offentlege, innbyggjarar og næringsliv. Vi valde ei løysing basert på SvarUT, som dekker både næringslivspost og post til privatpersonar. Det var mykje arbeid med teknisk tilpassing og endring i arbeidsrutinar, men vi er no godt rusta til å ta ut dei gevinstane som ligg i digital utsending framover. Sjølv om posten no i all hovudsak går ut digitalt, er det likevel behov for å vidareutvikle postutsendinga. Vi må t.d. få ei betre samordning mellom fakturasystem og sakshandsamingssystem.

Gevinst: Brukarane våre får no tilgang til posten der dei er, når dei treng det, på ein tryggare måte. Vi sparar utgifter til porto og vi sparar miljøet for papirbruk og transport av brev.

Automatisering av momskompensasjon – forprosjekt

I 2016 gjennomførte vi eit forprosjekt for etablering av nytt fagsystem for momskompensasjon. Ordninga med momskompensasjon har eit stort potensial for digitalisering og automatisering. Gjennom dette forprosjektet har vi laga ein plan for eit nytt system basert på risikovurderingar og automatisering.

Gevinst: Meir effektiv sakshandsaming, betre kvalitet i arbeidet og betre oversikt over organisasjonane (ca. 22 000) opp mot søkerane (ca. 1430). Nytt system vil også gi høve til langt betre og meir systematisk kontroll.

Automatisering av søknader/rapportar på lotteriområdet

Vi sette i 2016 i drift ei løysing som les søknader og rapportar inn i saks-/arkivsystemet. I tillegg gjer vi søknadene/rapportane lett tilgjengelege for framtidig kopling mot Lotteriregisteret.

Gevinst: Vi sparar tid fordi vi ikkje treng å registrere kvar enkelt søknad manuelt i saks- og arkivsystemet. Vidare oppfølging blir å auke tal søkerar som nyttar elektroniske søknadsskjema, samt automatisere tilsvarande for fagsystema.

Enterprise-søk

Vi har laga ein prototype på ei løysing for enterprise-søk. Løysinga søker gjennom fleire ulike system etter dokument og informasjon.

Gevinst: Vi sparar tid på å søke opp og finne informasjon gjennom kraftigare søkefunksjonalitet og søk i fleire kjelder i ei løysing. På sikt vil vi utvide prototypen til å innehalde informasjon frå endå fleire kjelder, slik at gevinsten vil auke.

Rekneskapsinformasjon

Vi har gjort Rekneskapsregisteret tilgjengeleg lokalt i verksemda vår, slik at vi kan legge til rette for kontroll mot våre fagsystem.

Gevinst: Dette betyr at vi kan kople rekneskapsinformasjon mot fagdata, noko som gir betre og meir effektive kontrollar. I første omgang gjeld dette momskompensasjon, men vi vil på sikt utvide bruken også til andre fagområde.

Eigedomsinformasjon

Vi har gjort delar av eigedomsregisteret tilgjengeleg lokalt, slik at vi kan legge til rette for kontroll mot våre fagsystem.



Gevinst: Dette gjer det mogeleg å kople eigedomstransaksjonar mot fagdata for å gi betre og meir effektive kontrollar. I første omgang gjeld dette kontroll av stiftelsar, men det kan på sikt bli utvida også til andre fagområde.

Trekningsystem

Vi sette i produksjon nytt system for trekning av lotteri.

Gevinst: Systemet legg til rette for meir sjølvbetening og automatisering, og er meir brukarvenleg for sakshandsamarane.

Rekrutteringssystem

I 2016 tok vi i bruk rekrutteringssystemet Webcruiter.

Gevinst: Vi har fått raske og gode rekrutteringsprosessar. Søkarar på ledige stillingar kan no søke og kommunisere digitalt. Internt er informasjonen tilgjengeleg straks, og handtering av søknadsprosessen er blitt enklare og meir effektiv. Administrative prosessar er òg forenkla, heilt frå utlysing til tilsetjing.

System for oversikt og handtering av avtaler og utstyr m.m.

Som eit ledd i arbeidet med internkontroll tok vi i 2016 i bruk eit system for å halde betre oversikt over og kontroll med avtaler og utstyr – House of control.

Gevinst: Vi har no betre kontroll med og oversikt over både avtaler og utstyr, varsling av avtaler som nærmar seg utløp, budsjettgrunnlag, og ikkje minst eit system for å kontrollere fakturaer og innkjøp. Samla sett er dette blitt ein viktig del av internkontrollen.

System Information and Event Management (SIEM)

SIEM er ei kompleks samling av teknologiar utvikla for å gi innsyn/visjon og klarheit i vår IT-infrastruktur. Vi skaffa oss dette for å møte dagens og framtidens krav til etterleving (compliance). Det betyr at gjennomføring av alle aktivitetar skal vere i samsvar med gjeldande lover og forskrifter og i tråd med interne retningslinjer. Slik er vi betre rusta mot dataangrep og innbrot og til å oppdage mistenkeleg bruk av våre system. Ei anna og viktig side ved dette er det nye EU-direktivet for personvern (General Data Protection Regulation), som blir gjeldande frå mai 2018, og som set nye krav til personvern og tryggleik.

Gevinst: Vi har betra informasjons- og IT-tryggleiken og er blitt betre rusta mot dei krava vi om kort tid vil møte. SIEM er eit viktig tiltak for å betre internkontrollen.



System for økonomirapportering

Sidan 2014 har vi vore pilotkunde hos Direktoratet for økonomistyring (DFØ) for eit nytt økonomirapporteringsverktøy, og i 2016 blei ei ny løysing tatt i bruk – Økonomiinfo. Vi har innført systemet i administrasjonen og for leiargruppa.

Gevinst: Vi bruker mindre tid på manuell utarbeiding av rapportar. Vi har også fått betre oversikt over og enklare tilgang til viktige styringsdata for leiarane.

Ny modul for handtering av innsynskrav

Ny modul for handtering av innsyn i saks- og arkivsystemet P360 har ført til at dei fleste innsynskrav no går i ein digital arbeidsflyt.

Gevinst: Vi har fått betre oversikt over og enklare handtering av innsynskrav for saksbehandlarane. I tillegg har vi fått mindre manuelt arbeid ved arkivet.



IT-oppgradering – modernisering

Arbeidet med å få på plass Office 365, Exchange 2016 og bruk av skyløysingar starta i 2016. Arbeidet er ikkje slutført, men opnar for at vi i løpet av 2017 vil ha moderne løysingar som også mogeleggjør utvida bruk av skyløysingar.

Gevinst: Vi kan no ta i bruk nye løysingar og utnytte tilgjengelege funksjonar på ein betre måte, samstundes som vi betrar tryggleiken og fjernar risikoelement. Det gir igjen redusert ressursbruk innan IT-drift.

Løysing for videomøterom

I 2016 etablerte vi standardiserte løysingar for videomøte, som skal sikre betre stabilitet, drift og brukaroppleving. Videomøte blir i dag nytta meir og meir, og det er viktig at løysinga er lett tilgjengeleg og lett å bruke.

Gevinst: Enklare tilgang til og bruk av videomøteløysing og enklare drift av meir stabile system. Auken i bruken av virtuelle møterom har ført til færre reiser.

Arbeid med nytt intranett

Vi starta utviklingsarbeidet med nytt intranett i 2016. Det skal lanserast i 2017.

Gevinst: Målet er å få eit effektivt arbeidsverktøy, som blir brukarretta, lett å forstå og har ein oversiktlig struktur. Tilsette skal spare tid, og lett finne relevant informasjon og løyse oppgåver på ein enkel måte. Det nye intranettet vil legge til rette for deling av kunnskap og samarbeid.

Styring og kontroll i verksemda

Lotteri- og stiftelsestilsynet nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp, og vi gir her ei overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.

Tildelingsbrevet og hovudinstruksen dannar grunnlaget for avdelingane sine årsplanar og for Lotteri- og stiftelsestilsynet sin samla verksemdsplan. Verksemdsplanen blir følgt opp av ansvarlege som rapporterer via eit elektronisk rapporteringssystem. Rapportane blir kvar månad følgde opp i leiarmøte.

I 2016 blei det som planlagt gjennomført to etatsstyringsmøte. Her rapporterte vi status på fag og økonomi, og større saker blei drøfta. Større fagsaker innan lotteri og pengespelområdet blei på desembermøtet overført til eit strategiseminar som skal gjennomførast i mars 2017. Risikovurderingar er fast tema på etatsstyringsmøta.

Fagtilsyna utarbeider årlege tilsynsplanar basert på ein felles tilsynsmetodikk. Risiko og vesentlegheit dannar grunnlaget for prioriteringane i tilsynsarbeidet.

Mål om heilskapleg styring

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i sin «Strategiplan 2015–2020» eit mål om heilskapleg styring, og arbeidet med internkontroll er ein viktig del av dette.

Den overordna risikovurderinga som leiinga gjennomfører årleg, viser at risikobildet gjennomgåande ikkje er kritisk. Det er heller ikkje i 2016 påvist enkeltområde som krev strakstiltak for å handtere risiko. Lotteri- og stiftelsestilsynet gjer greie for sine vurderingar i etatsstyringsmøta med Kulturdepartementet.

Som ein del av arbeidet med heilskapleg styring har vi som målsetting å skaffe ei elektronisk systemløysing som skal sikre betre samanheng mellom oppdrag, risikovurderingar, tiltak og rapportering. I 2016 har vi sett på og vurdert ulike

løysingar, og i 2017 skal vi gjennomføre ein anbuds konkurranse.

Stabilitet

Samla måloppnåing i tilsynet er god, som det går fram av omtalen av fagområda i del III. Dei siste par åra har det vore relativt stor grad av stabilitet i tilsynet målt ut frå parametrane budsjett-rammer, ressursar, oppgåver og samla saksMengde.

SaksMengde er ein sentral måleparameter som leiinga ser på kvartalsvis. Tal journalføringar per år er oppgitt nedanfor.

2013: 30 937 **2014:** 30 198

2015: 30 803 **2016:** 30 322

Samla journalføringar dei siste fire åra viser eit relativt stabilt nivå. Ser vi på fagtilsyna, viser trenden ein viss nedgang for Stiftelsestilsynet, medan Lotteri- tilsynet har hatt ein auke. Ut frå dette har det også vore ein bevisst del av styringa å halde samla tal tilsette nokså stabilt, men med visse omprioriteringar i intern ressursfordeling. Denne stabiliteten er medverkande til at leiinga også har eit godt grunnlag for å kontrollere risikofaktorar.

Arbeid med internkontroll

Internkontroll er eit linjeansvar i organisasjonen. Administrasjonen har ansvar for overordna koordinering av internkontrollarbeidet. Internkontroll skal omfatte alle område, t.d. fag, administrasjon generelt, drift og beredskap.

Det gode internkontrollarbeidet frå 2015 har halde fram i 2016. Som ei førebels løysing har vi samla alle styrande kvalitetsdokument på eit felles område

på intranettet, noko som gir lett tilgang for alle tilsette. Revisjon og utarbeiding av kvalitetsdokument er ein kontinuerleg prosess på alle nivå i organisasjonen.

I 2016 har vi fokusert mykje på heilskapleg styring, som er ein viktig del av internkontrollarbeidet. Utvikling av nytt intranett basert på programsystemet Sharepoint, gjennomgang av dokumentstruktur og lagringsløysingar er viktige delar av dette arbeidet. Vi har konkludert med at organisasjonen treng eit profesjonelt kvalitetssystem for å sikre kvalitet, dokumentstyring og tilgjengelegheit, og planen er å få dette på plass i løpet av 2017. Vi vil også vurdere system for handtering av avvik, men dette vil bli sett på i samanheng med system for heilskapleg verksemdstyring.

I desember 2016 gjennomførte vi i samarbeid med mediavdelinga i Kulturdepartementet eit internkontrollseminar for mediavdelinga sine underliggende verksemdar. Dette var særst lærerikt, og det førte til gode diskusjonar og ikkje minst betra samarbeid mellom verksemdene. Kulturdepartementet gjennomførte i desember også ein enkel internrevisjon av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Denne var både lærerik og nyttig for det vidare arbeidet. Det blei òg avtalt eit vidare samarbeid innan nokre utvalde område.

Internkontrollen er i 2016 blitt betre. Trass dette står det framleis ein del arbeid att før vi er der vi har sett oss som mål. Dette arbeidet vil halde fram i 2017.

Budsjettstyring

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Ny standard kontoplan blei innført frå 2012. Denne er no godt innarbeidd i verk-

semnda og blir nytta ved budsjettering i Agresso Planlegger. Erfaringane med bruk av Agresso Planlegger og detaljert kontoplan er gode. I 2016 innførte vi Økonominfo, eit nytt verktøy frå DFØ for økonomirapportering. Erfaringane så langt er gode, og det gjer at leiarane innan sine ansvarsområde lettare får oversikt over den økonomiske situasjonen. Dette er òg eit viktig internkontrolltiltak. Ei nærare omtale står i årsrekneskapen.

Riksrevisjonen

Tilbakemeldingane frå Riksrevisjonen er gode på området økonomistyring. Rekneskapen for 2016 er ikkje ferdig revidert når denne rapporten blir skriven, men oppsummeringa av rekneskapsrevisjonen for året 2015 viser at Riksrevisjonen heller ikkje då hadde merknader til årsrekneskapen eller til disponering av løyvingane.

HMT og arbeidsmiljø

Vi har i 2016 gjennomført medarbeidarundersøking for andre år på rad med bruk av verktøyet Avant 2.0. Svarprosenten på undersøkinga var 97 %. Samla sett viser undersøkinga ei positiv utvikling samanlikna med målinga i 2015. Jobbtilfredsheita har auka, og vi ligg på eit godt snitt også samanlikna med andre statlege verksemdar.

Undersøkinga avdekte ein del avdelingsvise skilnader, og det har derfor vore viktig å jobbe ute i avdelingane og einingane med analyse og oppfølging i etterkant. Det vil bli gjennomført ny måling i 2017. Bruken av Avant som verktøy blir sett på som svært nyttig.

I september arrangerte vi personalsamling med både fagleg og sosialt innhald. Hovudfokus var digital agenda og digitalisering, resultat av medarbeidarundersøkinga samt presentasjon av ulike prosjekt og aktivitetar i tilsynet. Ei evaluering i etterkant viser at dei tilsette jamt over syntest samlinga var svært bra.



Lotteri- og stiftelsestilsynet gir tilsette høve til å trene ein time i veka i arbeidstida. Ein del av velferdsmidlane blir nytta til tiltak for fysisk aktivitet.

I 2016 signerte tilsynet ei ny avtale om bedriftshelseteneste med Stamina Helse. I løpet av 2016 blei det gjennomført ei ergonomikartlegging som konkluderte med at det ergonomiske arbeidsmiljøet er overordna bra. I tillegg blei det gjennomført medarbeidssamtalekurs for leiargruppa. Stamina Helse deltar på alle AMU møte.

I 2016 tilsette vi også ein HR-rådgivar for å styrke arbeidet på personalområdet. Tilsettinga skjedde via intern omdisponering av ledig stilling i administrasjonen. Vi gjennomførte også ei evaluering av omorganiseringa som blei gjort i 2014. Denne viste at dei tilsette jamt over er tilfredse med dei organisatoriske endringane.

Rekruttering

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2016 hatt lite utskifting av tilsette. Berre tre tilsette i faste stillingar slutta i tilsynet. I tillegg gjekk ein tilsett av med pensjon ved fylte 67 år.

I 2016 innførte vi rekrutteringssystemet Webcruiter og gjennomførte fire rekrutteringsprosessar. Vi har jamt over god tilgang på søkarar og har ikkje hatt utfordringar med å tilsette godt kvalifiserte folk i utlyste stillingar.

Vi har hatt ein trainee i tillegg til ein lærling innan kontorlag i 2016. I samarbeid med NAV har vi gitt tilbod om arbeidstrening til ein arbeidstakar.

IA-avtalen og oppfølging av sjukefråvær

IA-avtalen og sjukefråvær har fått mykje merksemd frå leiinga. I samarbeid med AMU har vi følgd nøye med på sjukefråværet i 2016, og vil også gjere det i 2017. Sjukefråværet i 2016 var på 3,1 prosent, og dette er ei positiv utvikling med ein stor nedgang frå 2015, då sjukefråværet var på 6,1 prosent. Dei siste fem åra før 2015 har vi lege mellom 3,6 og 4,5 prosent.

Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsplanen er revidert i 2016. Planen tar utgangspunkt i generelle prinsipp og handlingsplanar/tiltaksliste, og definerer ansvar, varslingsrutinar og kommunikasjon i beredskapssituasjonar. Beredskapsplanen legg vekt på oppgåver som må løysast av Lotteri- og stiftelsestilsynet, og på korleis vi skal samarbeide med andre etatar.

Informasjon og dialog

Alle avdelingar har jamlege avdelingsmøte, og det er gjennomført faste møte i IDF (kvar tredje veke) og AMU i året som gjekk.

Avdelingane utarbeider årlege kompetanseplanar som omfattar både interne og eksterne tiltak. Nokre kompetanse-tiltak blir gjennomførte for heile organisasjonen, t.d. temadagar om godt språk. Det er gjennomført obligatorisk medarbeidarsamtale med alle tilsette.

Særskild rapport til departementet

Program for styring og leiing i staten (2014–2017)

Som eit ledd i arbeidet for betre styring og leiing har leiargruppa vore gjennom eit leiarutviklingsprogram som blei avslutta i 2016. Leiargruppa har òg gjennomført fleire kompetansehevande tiltak, t.d. opplæring i hovudavtala/hovudtariffavtala og kurs i gjennomføring av medarbeidarsamtale.

Utgreiingsinstruksen er gjennomgått av leiinga og formidla til organisasjonen. I 2017 skal vi revidere den interne prosjektmetodikken vår for å sikre at denne er i samsvar med krava i instruksen.

Modernisering og digitalisering er ein viktig del av arbeidet vårt. Langtidsplanen vår har digitalt førsteval, gode brukaropplevingar og effektive interne prosessar som utgangspunkt. Digitalisering skjer både gjennom intern utvikling (t.d. ulike register) og bruk av standard hyllevare.

Tidstjuvar

Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert på temaet tidstjuvar i tråd med dei krava som er stilte. Så langt har vi likevel ikkje utarbeidd handlingsplanar og tiltak med dette som tema. Digitalisering og utvikling av effektive, brukarvenlege løysingar er høgt prioriterte område i tilsynet, og mykje er gjort også i 2016 (sjå eigen artikkel).

Likestilling

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremje likestilling i samsvar med likestillingslova, og har eit bevisst forhold til dette i samband med rekruttering.

Gjennomsnittsalderen i tilsynet er 45 år, og det er stor stabilitet i arbeidsstokken. Mange tilsette har vore med heilt sidan tilsynet blei oppretta i 2001, og har derfor mykje erfaring.

Ytre miljø

I dei delar av organisasjonen der dette høver, prioriterer Lotteri- og stiftelsestilsynet å bruke videokonferansar eller nettmøte når det er mogeleg. Dette er miljø- og ressursvenlege alternativ som gir meir effektiv drift. Møteromma våre er i dag godt utstyrte med videokonferanseutstyr.

	Totalt		Leiarstillingar*		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (i prosent)	48	52	57	43	47	53
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i prosent)	47	53	57	43	46	54
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (i prosent)	100	0	0	0	100	0
Gjennomsnittsløn – faste stillingar (i 1 000 kr)	522	591	804	931	488	563

*) Løn gjeld avdelingsleiarane. Direktøren er ikkje med her.



Vurdering av framtida

Stortingsmeldinga om pengespel kjem til å påverke oppgåvene våre framover. Det sentrale spørsmålet i meldinga er korleis ein skal utforme ein ansvarleg pengespelpolitikk for framtida.

Regjeringa legg i stortingsmeldinga «Alt å vinne» opp til å vidareføre dagens modell på pengespel-feltet. Det vil seie at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto framleis skal ha einerett på å tilby pengespel.

For Lotteritilsynet betyr dette i så fall vidareføring av ansvarsområde og oppgåver i stor grad etter same modell som før. Ein del konkrete endringar i oppgåver vil bli avtalte i dialogen mellom departement og tilsyn når meldinga er handsama av Stortinget.

Teknologisk utvikling


Utviklinga innan teknologi medverkar til å endre spelevanane, for både pengespel og nye typar spel. Vi ser ei stadig utvikling i retning av digitale løysingar, mobile einingar og nye former for marknadsføring.

Den teknologiske utviklinga har dei siste åra gjort at skilnaden mellom pengespel og andre spel (til dømes sosiale nettverksspel, dataspel og liknande) blir mindre tydelege.

Mange spørsmål

Kva gjer myndigheitene når vi står overfor sosiale nettverksspel som inkluderer element som innsats eller gevinst? Eller når pengespelbransjen gjer sosiale nettverk til ein del av etablerte spel? Kva skjer med sårbare grupper eller unge menneske når ein tar prinsippa med Pokémon Go og lagar det om til pengespel? Kva blir problematisk speleåtferd? Korleis kan vi som myndigheit regulere?

Konkurransen frå den uregulerte pengespelmarknaden består i hovudsak av private aktørar på internett som tilbyr speltjenester frå utlandet retta mot norske spelarar. Lotteritilsynet har løpande dialog med både nasjonale og utanlandske aktørar, også pengespelmyndigheiter, om marknadsføring og tilbod av uregulerte pengespel. Arbeidet vårt gjennom ulike kanalar på dette feltet må ha høg prioritet. Lotteritilsynet skal medverke til å sikre den norske einerettsmodellen og i neste omgang inntekter til dei lotteriverdige formåla.



Ny lovgiving på stiftelsesområdet

Erfaringa har vist at den noverande stiftelseslova ikkje fungerer tilfredsstillande. Dette har mellom anna å gjere med skilnaden mellom dei største og dei minste stiftelsane, og med at dagens lov ikkje passar like godt for alle kategoriar. For Stiftelsestilsynet er lovrevisjonen som no er i gang, av betydning for forvaltnings- og tilsynsoppgåvene i tida framover. Effektivt tilsyn med stiftelsar er viktig for legitimiteten til stiftelsesforma. God legitimitet vil over tid verke positivt på tilførselen av kapital til norske stiftelsar og deira formål.

Vidare modernisering og effektivisering av tenester

Vi kan legge til grunn at krav og forventningar til utvikling av effektive og brukarvenlege digitale løysingar held fram med stor kraft i tida framover. Dette stiller krav til at Lotteri- og stiftelsestilsynet som myndigheit til kvar tid er aktiv og nytenkande på dette feltet. Vi må ha vilje og evne til å utvikle tenestene ut mot brukarane og effektivisere interne arbeidsprosessar. Dette stiller krav til kompetansen vår. Samstundes må vi kommunisere betre med målgruppene våre.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2016 starta jobben med å utvikle ei ny digital løysing for handtering av Kulturdepartementets tilskotsordningar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og kulturbygg. Dette er eit svært interessant prosjekt, der målet er å gjere det enklare for frivillig sektor.

Hovudstrategien vår

Lotteri- og stiftelsestilsynets strategi for perioden 2015–2020 har desse hovudstolpane.

Vi skal

- satse på brukarvenleg sjølvbetening
- auke produksjonen av kunnskap og formidle dette på fagområda våre
- ha meir tilsyn gjennom fornying og effektivisering
- vere ein attraktiv arbeidsplass med kultur for endring
- ha heilskapleg styring i verksemda

Strategiplanen er laga med utgangspunkt i hovudinstruks, tildelingsbrev og samfunnsoppdraget vårt. Dei fem strategiske måla har peika ut retninga og er ei rettesnor for prioriteringar vi gjer i kvardagen.



Årsrekneskap 2016 - leiinga sin kommentar

Formål

Lotteritilsynet blei oppretta i 2001, medan Stiftelsestilsynet blei oppretta i 2005. Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet, og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, momskompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene for tilsynet er frivillige organisasjonar og stiftelsar. I del I i årsrapporten er det gitt ein presentasjon av tilsynet og nokre hovudtal for verksemda.

Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med bestemmelsane om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilede av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2016 har Lotteri- og stiftelsestilsynet disponert løyvingar på utgiftssida på til saman kr 1 570 844 000. Ordningane for momskompensasjon utgjer kr 1 485 338 000 av tildelingane.

Forbruk er i tråd med plan og budsjett. Vi har halde igjen noko på forbruket for å ha ein buffer som er høveleg stor ut frå venta driftsramme framover. I hovudsak er det overførte beløp frå 2015 på høvesvis kr 3 231 000 på post 01 og kr 3 259 000 på post 21 som er haldne av som buffer gjennom 2016.

Vi har også hatt ein del meirinntekter på lotteriområdet i 2016. Samla sett gir overførte beløp frå 2015 og meirinntekter i 2016 eit netto mindreforbruk som er søkt overført, jf. rekneskapsførte utgifter i oppstillinga av bevilgningsrapporteringa. Som det går fram av note B, søker tilsynet om å overføre kr 3 350 000 av tildelte midlar på post 01 (5-prosenten) og kr 5 275 000 på post 21 ved å vise til stikkordet «kan overførast».

Av rapporterte utgifter til drift og investeringar på kr 77 560 000 gjekk kr 47 360 000 til løn og sosiale utgifter, jf. note 2. Lønsdelen av driftsutgiftene var 61,1 prosent. Det er noko høgare i høve til året før, då lønsdelen var 57,8 prosent.

Som vist i figurane har driftsutgiftene lege relativt stabilt dei seinare åra, men lønsdelen har auka noko. Midlar under handlingsplanen mot speleavhengigheit er med i talgrunnlaget, og desse utgjer mellom 3 og 4,5 mill. kroner årleg. Tala i figuren er ikkje indeksjusterte.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Budsjettkravet for 2016 er innfridd. Dei største inntektskomponentane går fram av figuren under (tala her er ikkje indeksjusterte).

Siste femårsperiode har årsavgift for stiftelsane auka jamt, medan refusjonen frå Norsk Tipping har lege relativt stabil over tid. Dette har vore nødvendig for at utgifter og inntekter for kvart av fagtilsyna våre skal balansere. Inntektskomponentane speglar utgiftsnivået på dei ulike tilsynsområda.



Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsmeldinga er venta i løpet av andre kvartal 2017.

Førde, mars 2017



Atle Hamar
direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet



Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i bestemmelsar om økonomistyring i staten («bestemmelsane»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015.

Årsrekneskapen er i samsvar med krav i bestemmelsane punkt 3.4.1, nærare bestemmelsar i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement. Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevilgningsrapportering og ein nedre del som syner behaldningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som syner kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som syner grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Følger kalenderåret

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2. – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- a) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- b) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevilgnings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen.

Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdar er knytte til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i bestemmelsane pkt. 3.7.1. Ordinære

forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den einkilde oppgjerskontoen.

Bevilgningsrapporteringa

Bevilgningsrapporteringa syner rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga syner finansielle eigarar og forplikningar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna for samla løyving syner kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa syner rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporteringa syner skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.



Bevilgningsrapport for 2016

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2016	Meirutgift (-) og mindreutgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	70 229 000	67 507 409	2 721 591
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	15 277 000	12 536 567	2 740 433
0315	Frivillighetsformål	70	Momskomp. frivillige org.	A	1 293 419 000	1 293 419 000	0
0315	Frivillighetsformål	82	Momskomp. bygging idrettsanlegg	A	191 919 000	191 918 999	1
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter			4 229 383	
Sum utgiftsført					1 570 844 000	1 569 611 357	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2016	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr lotteri		7 430 000	8 823 850	1 393 850
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr stiftelsar		259 000	162 900	-96 100
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	13 129 000	15 664 000	2 535 000
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	627 503	627 503
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift stiftelsar		24 164 000	24 375 895	211 895
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Ref. Norsk Tipping og Norsk Rikstoto	B	38 403 000	38 409 519	6 519
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	5 812 145	
Sum inntektsført					83 385 000	93 875 812	

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		1 475 735 545
Kapitalkontoar		
60075901	Norges Bank KK / innbetalingar	89 795 076
60075902	Norges Bank KK / utbetalingar	-1 564 982 826
703803	Endring i mellomvære med statskassa	-547 795
Sum rapportert		0

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

		2016	2015	Endring
703803	Mellomvære med statskassa	-2 267 024	-1 719 229	-547 795

Note A Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	3 231 000	66 998 000	70 229 000
33921	3 259 000	12 018 000	15 277 000
31570	0	1 293 419 000	1 293 419 000
31582	0	191 919 000	191 919 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogeleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre iflg. avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) iflg. meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mogeleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		2 721 591		2 721 591	1 509 645			4 231 236	3 350 000	3 350 000
33921	«kan overførast»	2 740 433		2 740 433	2 535 000			5 275 433		5 275 000
31570				0	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		
31582				0	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		

*Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, unntatt post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå rundskriv R-2/2013, som inneheld meir informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Stikkordet «kan overførast»

Verksemda si løyving på kapittel/post 33921 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet kjem frå tildelingar gitt innanfor dei to siste budsjettåra, og verksemda lar beløpet inngå som ein del av mogeleg overførbart beløp.

Romartalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. st.prp 1 S (2015–2016) romartal II. Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/

post 333902, 333904 og 556871. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. st.prp 1 S (2015–2016) romartal II. Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Mogeleg overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på til saman kr 4 231 236. Kr 3 350 000 blir rekna som mogeleg overføring til neste

budsjettår ut frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, kan overførast i sin heilskap, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Beløpet inngår i berekninga av mogeleg overførbart beløp til neste år. Det er ikkje aktuelt å overføre midlar til neste år frå andre utgiftspostar, då det ikkje gjenstår midlar på postane. Mogeleg overføring til neste år er ei berekning, og Lotteri- og stiftelsestilsynet får tilbakemelding frå overordna departement om endeleg beløp.

Artskontorrapport for 2016

	Note	2016	2015
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	71 759 590	68 602 706
Andre innbetalinger	1	15 670 519	11 867 984
Sum innbetalinger frå drift		87 430 109	80 470 690

Driftsutgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Utbetalinger til løn	2	47 359 735	43 061 631
Andre utbetalinger til drift	3	30 200 680	26 894 481
Sum utbetalinger til drift		77 560 415	69 956 112

Netto rapporterte driftsutgifter		-9 869 694	-10 514 578
---	--	-------------------	--------------------

Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	881 423	2 095 526
Utbetaling av finansutgifter	4	2 138	2 994
Sum investerings- og finansutgifter		883 561	2 098 520

Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		883 561	2 098 520
--	--	----------------	------------------

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	538 417	2 062 821
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		538 417	2 062 821

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	1 486 937 999	1 406 545 675
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		1 486 937 999	1 406 545 675

Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		95 141	89 986
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		5 812 145	5 292 853
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		4 229 383	4 186 618
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-1 677 903	-1 196 221

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		1 475 735 545	1 394 870 574
--	--	----------------------	----------------------

Oversikt over mellomvære med statskassa

Eigedelar og gjeld		2016	2015
Lån til tilsette		0	17 664
Skuldig skattetrekk		-2 141 482	-1 699 863
Skuldig meirverdiavgift		-128 576	-37 030
Anna kortsiktig gjeld		3 034	0
Sum mellomvære med statskassa	8	-2 267 024	-1 719 229

Notar

Note 1 Inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen

	2016	2015
Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar		
Gebyr lotteri	8 823 850	7 736 267
Registreringsgebyr stiftelsar	162 900	222 410
Årsavgift stiftelsar *	24 369 840	22 309 029
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Tipping	35 972 000	35 908 300
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Rikstoto	2 431 000	2 426 700
Sum innbetalinger frå gebyr	71 759 590	68 602 706
Andre innbetalinger		
Administrasjon av ordningane for momskompensasjon	8 129 000	7 900 000
Handlingsplan mot speleproblem	5 035 000	3 825 000
Nasjonale plattform mot kampfiksing	2 500 000	130 292
Anna inntekt	6 519	12 692
Sum andre innbetalinger	15 670 519	11 867 984
Sum innbetalinger frå drift	87 430 109	80 470 690

* Årsavgift er ført på ny artskonto frå 2015. Sjå note 6.

Note 2 Utbetalinger til løn

	2016	2015
Løn	41 523 876	38 694 121
Arbeidsgivaravgift	5 812 145	5 292 853
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-1 504 297	-2 167 937
Andre ytingar	1 528 011	1 242 593
Sum utbetalinger til løn	47 359 735	43 061 631
Tal årsverk:	68	61

Løn til direktør utgjorde kr 1 096 000 i 2016. I tillegg kjem naturalytingar som omfattar dekking av elektronisk kommunikasjon og fri avis. Direktøren blir omfatta av same pensjonsavtale som andre tilsette i staten.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	2016	2015
Husleige	5 658 577	5 414 224
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	64 652	291 155
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 230 900	1 240 745
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	272 915	335 198
Mindre utstysinnkjøp	531 127	870 309
Årlege lisensar m.m.	3 855 359	2 433 326
Konsulentar og andre kjøp av tenester frå eksterne (sjå spesifikasjon under)*	10 241 868	8 972 352
Reiser og diett	3 292 292	2 564 091
Porto	432 231	353 642
Mobiltelefon (bruk)	432 215	375 618
Breiband, internett	164 103	164 028
Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	249 905	263 068
Kurs og seminar for egne tilsette	1 200 604	847 824
Andre kunngjeringar	616 763	605 783
Trykksaker	165 101	176 526
Andre driftsutgifter	1 792 070	1 986 593
Sum andre utbetalinger til drift	30 200 680	26 894 481

*** Spesifisering av «konsulentar og andre kjøp av tenester frå eksterne»**

Rekneskaps-, revisjons- og økonomitenester	91 187
Kjøp av tenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar m.m.	1 019 489
Kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver, IKT	2 766 716
Kjøp av tenester til organisasjonsutvikling	82 900
Innleigd personale frå vikarbyrå o.l.	851 060
Utbetaling av venteløn	590 427
Drift av hjelpelinja for speleavhengige	1 346 615
Andre tiltak og utgreiingar retta mot problematisk speleåtfærd	1 784 100
Kvartals- og halvårsmålingar for pengespelområdet	200 422
Tenester til utvikling av nytt idrettsanleggsregister	199 105
Kostnader til leiingsutvikling	100 000
Juridisk bistand	53 100
Andre tenestekjøp	1 156 747
	10 241 868

Note 4 Finansutgifter

	2016	2015
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	2 138	2 994
Sum utbetaling av finansutgifter	2 138	2 994

Note 5 Utbetaling til investeringar

	2016	2015
Utbetaling til investeringar		
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	881 423	2 095 526
Sum utbetalt til investeringar	881 423	2 095 526

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

	2016	2015
Avgifter stiftelsesområdet *	6 055	37 765
Renteinntekter	376	347
Tilfeldige og andre inntekter, tilbakebetaling av momskompensasjon	531 986	2 024 709
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	538 417	2 062 821

* Årsavgift er ført på ny artskonto frå 2015. Sjå note 1.

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

	2016	2015
Momskompensasjon frivillige organisasjonar	1 293 419 000	1 232 500 000
Momskompensasjon bygging av idrettsanlegg	191 918 999	172 345 675
Tilskot handlingsplan mot speleavhengigheit	1 600 000	1 700 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	1 486 937 999	1 406 545 675

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2016 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2016 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	533 200	0	533 200
Sum	533 200	0	533 200
Kortsiktig gjeld			
Skuldig skattetrekk	-2 141 482	-2 141 482	0
Skuldig meirverdiavgift	-128 576	-128 576	0
Anna kortsiktig gjeld	3 034	3 034	0
Sum	-2 267 024	-2 267 024	0
Sum	-1 733 824	-2 267 024	533 200



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no



LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET

Org. nr.: 982391490

Riksrevisjonens beretning

Til Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap for 2016. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusive noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2016.

Etter Riksrevisjonens mening gir Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap et rettviseende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2016 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2016, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene og INTOSAI etikkregler. Etter Riksrevisjonens oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse om revisjonen av årsregnskapet og uttalelsene om etterlevelse av administrative regelverk dekker ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V), og vi attesterer ikke denne informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det revisors oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskapen opparbeidet under revisjonen, eller hvorvidt den øvrige informasjonen tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom det konkluderes med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er Riksrevisjonen pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens og overordnet departements ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et rettviseende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Overordnet departement har det overordnede ansvar for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avggi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er *ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999) alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer*. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke beslutningene som treffes av brukere på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet og ISSAI 1000–2999*, utøver revisor profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen.

Revisor identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Revisjons handlinger utformes og gjennomføres for å håndtere slike risikoer, og tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis innhentes som grunnlag for revisors konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Dette skyldes at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner, eller overstyring av intern kontroll.

Revisor gjør også følgende:

- opparbeider en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjons handlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll
- evaluerer hensiktsmessigheten av regnskapsprinsippene som er brukt, og rimeligheten av tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, herunder tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde

Revisor kommuniserer med ledelsen, og informerer overordnet departement, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Revisor vil også kommunisere om forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, herunder eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Av de forholdene som kommuniseres med ledelsen og som overordnet departement blir informert om, tar revisor standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse regnes som sentrale forhold ved revisjonen. Disse beskrives i så tilfelle under eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring med rimelighet må forventes å være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom Riksrevisjonen gjennom revisjon av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomføres utvalgte revisjons handlinger for å kunne gi uttalelse om hvorvidt det er vesentlige brudd på disse.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi gir en uttalelse med moderat sikkerhet på om vi er kjent med forhold som tilsier at virksomhetens disponering av bevilgningene i vesentlig grad er i strid med administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnås gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontroll handlinger vi finner nødvendig.

Basert på revisjon av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomhetens disponering av bevilgningene er i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 28.04.2017

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Harald Haugen
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur